



# Kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 Bokn kommune

**Planomtale**

Høringsutkast 10.01.2022

## Innhald

Forord .....	4
1. Bakgrunn.....	5
1.1 Planstrategi for Bokn kommune 2019 – 2023 .....	5
1.2 Samfunnsdelen av kommuneplanen .....	7
2. Innleiing.....	8
2.1 Gjeldande kommuneplan .....	8
2.2 Planprogrammet for revisjon av arealdelen .....	8
2.3 Endringar i framlegget til ny plan i høve til gjeldande kommuneplan.....	8
3. Planprosessen .....	11
3.1 Organisering av kommuneplanprosessen.....	13
3.2 Medverknad .....	13
3.3 Arbeidet med planen.....	13
4. Rammer for planarbeidet.....	17
4.1 FN sine mål for bærekraft .....	17
4.2 Nasjonale forventningar .....	20
4.3 Regionale rammer.....	21
4.4 Kommunale planar .....	23
4.5 Utgreiingar og rapportar til planarbeidet .....	26
4.6. Satsingsområda frå samfunnsdelen til kommuneplan .....	26
5. Sentrale tema og problemstillingar i kommuneplanen sin arealdel .....	26
5.1 Utviklingstrekk Bokn kommune.....	27
5.1.1 Folketalsutvikling.....	27
5.1.2 Økonomi .....	30
5.2 Folkehelse .....	32
5.3 Klimatilpassing.....	33
5.4 Barn og unge sine oppvekstvilkår.....	34
5.5 Samferdsel og kommunikasjon.....	35
5.6 Landbruks, - natur og friluftsområder samt reindrift (LNFR).....	36
5.7 Områder for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.....	41
5.8 Kulturminnevern .....	44
5.9 Andre tema og problemstillingar .....	45
6. Spesielle tema for revisjon av arealdelen.....	47
6.1 Tiltak for å auke folketalet.....	48

	3
6.2 Sentrumsutvikling.....	50
6.3 Bustadbygging.....	54
6.4 Næring.....	56
7. Innspel til planarbeidet.....	58
8. Konsekvensutgreiing.....	58
9. Samla verknader av planen.....	60
9.1 Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse.....	60
9.2 FN sine bærekraftsmål.....	60
9.3 Arealrekneskap.....	64

## Forord

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste dokument.

Den er delt opp i ein samfunnsdel og ein arealdel.

Samfunnsdelen vart vedteken i forrige kommunestyreperiode, nå har me arbeidd med arealdelen.

Samfunnsdelen beskriv korleis samfunnet er nå og korleis me vil at det skal utvikle seg i framtida.

Arealdelen er eit verkøy for å nå dei måla ein har sett i samfunnsdelen.

Her kan me setje av områder for næring, boliger, friluftsliv, landbruk osv.

Da er det viktig med medverknad frå innbyggjarar, organisasjonar, ansatte, brukerar.

Det har vore nedsett 4 grupper som har arbeidd med arealplanen.

-Sentrumsutvikling

-Bustadbygging

-Næringsutvikling

-Folketalsauke

Her har ein invitert med representantar frå ulike områder i samfunnet.

Gruppene har så kome med innspel til planarbeidet.

Formannskapet har fungert som planutval og styrt arbeidet med planen.

Denne planen vil styre arealforvaltninga i kommunen framover, og vil bidra til at me kan nå måla som er sett ned i samfunnsdelen av planen.

Og framtida er lys for Bokn, det er mange muligheter framover.

Da må me jobbe saman for å utvikle kommunen og sikre at det blir godt å bu på Bokn i tida som kjem.

Helsing  
Osmund Våga  
Ordførar

## 1. Bakgrunn

### 1.1 Planstrategi for Bokn kommune 2019 – 2023

Kommunestyret vedtok den 04.02.2020 som sak 004/20 «Planstrategi for Bokn kommune 2019 – 2023».

I dette dokumentet vart det drøfta om kommuneplanen eller deler av den skal reviderast, og det vart gitt retningslinjer for arbeidet.

Det vart gjort fylgjande vedtak:

«Bokn kommune vedtek framlegg til Kommunal planstrategi for perioden 2019 – 2023. Vedtaket er gjort med heimel i § 10-1 i plan- og bygningslova.»

Planstrategien inneheld fylgjande prioritering av planoppgåvene i perioden:

«På grunnlag av dei utfordringane som kommunen står ovanfor og dei satsingsområda som er vedteke i samsfunnsdelen av kommuneplanen, vil Bokn kommune prioritere fylgjande planarbeid i den komande valperioden:

#### **Kommuneplan/kommuneldelplanar:**

1.Revidering av arealdelen av kommuneplanen (omfang av revideringa vert nærare avklara i planprogrammet)

#### **Reguleringsplanar:**

- 1.Områdeplan Knarholmen
- 2.Detaljregulering av nordre del av Føresvikvegen
- 3.Områdeplan Føresvik

#### **Temaplanar/sektorplanar:**

- 1.Utarbeide hovudplan VA
- 2.Revidere Energi – og klimaplan
- 3.Revidere Trafikksikkerhetsplan
- 4.Plan for samordning offentleg/frivillig sektor
- 5.Utarbeide Oppvekstplan
- 6.Revidere heilskapleg ROS
- 7.Revidere beredskapsplan
- 8.Revidere finansreglement
- 9.Revidere delegasjonsreglement
- 10.Utarbeide Plan for rekreasjon og aktiv fritid
- 11.Utarbeide Plan for fiskeri/havbruk – NB! Krev avklaring evt. regionalt planarbeid som sikrar kommunen sine planinteresser

#### **Interkommunale planar:**

1.Evt.regionalt plansamarbeid fiskeri/havbruk – sjå pkt. 11 under «Temaplanar/sektorplanar»

Status for planarbeidet var per november 2022:

**Status kommuneplan/kommuneldelplanar:**

1.Revidering av arealdelen av kommuneplanen (omfang av revideringa vert nærare avklara i planprogrammet)

Revidering av deler av arealdel er under arbeid.

Den opphavlege framdriftsplanen måtte korrigerast på bakgrunn av forseinkingar knytt til koronapandemiutbrotet samt ressursituasjonen i kommunen.

**Status reguleringsplanar:**

- 1.Områdeplan Knarholmen
- 2.Detaljregulering av nordre del av Føresvikvegen
- 3.Områdeplan Føresvik

Liten eller inga framdrift i planarbeidet av betydning. Ulike uavklarte forhold knytt til andre aktuelle kryssande prosjekt gjer arbeidet utfordrande for kommunen. Planarbeidet tek difor tid.

**Status temaplanar/sektorplanar:**

- 1.Utarbeide hovudplan VA – planarbeidet vart starta, men står på vent inntil ressursituasjonen tilseier at ein kan ta tak i arbeidet att.
- 2.Revidere Energi – og klimaplan – planarbeidet vart starta, planen har vore på ei høyring. Basert på innspel som kom som fylgje av høyringa, ynskjer kommunen å sjå på heile planen på nytt. Planen er difor satt på vent inntil ressursituasjonen tilseier at ein kan ta tak i den att.
- 3.Revidere Trafikksikkerhetsplan – planarbeidet er fullført
- 4.Plan for samordning offentleg/frivillig sektor – planarbeidet er fullført
- 5.Utarbeide Oppvekstplan – planarbeidet er ikkje starta
- 6.Revidere heilskapleg ROS - planarbeidet er fullført
- 7.Revidere beredskapsplan – planarbeidet er fullført
- 8.Revidere finansreglement- planarbeidet er fullført
- 9.Revidere delegasjonsreglement – planarbeidet er fullført
- 10.Utarbeide Plan for rekreasjon og aktiv fritid – planarbeidet er ikkje starta
- 11.Utarbeide Plan for fiskeri/havbruk – NB! Krev avklaring evt. regionalt planarbeid som sikrar kommunen sine planinteresser – planarbeidet er ikkje starta: Det vil bli tatt ei vurdering på om dette planarbeidet skal utgå som fylgje av innspel frå aktuelle høyringspartar. Kommune er tilrådd å sjå på denne type planarbeid i samarbeid med omkringliggjande kommunar samt Rogaland Fylkeskommune. Bokn kommune er del av eit samarbeidsprosjekt om kunnskap om sjøareala.

## 1.2 Samfunnsdelen av kommuneplanen

Ny samfunnsdel av kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret den 01.10.2019 som sak 039/19.

I dette dokumentet er det fastsett fylgjande satsingsområde for perioden 2019-2031:

- 1. Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst*
- 2. Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping*
- 3. Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid*
- 4. Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag , organisasjonar og andre aktørar/private*

Med utgangspunkt mellom anna i den vedteke planstrategien for 2016 – 2019 og dei vedteke satsingsområda i samfunnsplanen, vart det utforma retningslinjer for planarbeidet. Dette gjeld alt planarbeid i kommunen, men kanskje særleg arbeidet med arealdelen i kommuneplanen.

Fylgjande skal leggjast til grunn i dette planarbeidet:

- 1. Planarbeidet skal ha som utgangspunkt at Bokn skal fortsetje som eigen kommune*
- 2. Kommunale planar skal leggje til rette for at folketalet skal auke*
- 3. Det nåverande interkommunale samarbeidet og kjøp av tenester frå andre kommunar skal vidareutviklast der dette gir betre tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar*
- 4. Levande bygder (Spreidd bustadbygging i alle deler av kommunen)*
- 5. Etterbruk av Arsvågen*
- 6. Leggje til rette for kollektivterminal m.v . ved E39 på vestre Bokn (Haugalandsporten)*
- 7. Senterutvikling i Føresvik /Alvestad*
- 8. Vern av jordbruksjord*



Foto:

## 2. Innleiing

### 2.1 Gjeldande kommuneplan

Den gjeldande kommuneplanen for perioden 2012 – 2024, vart vedteken av kommunestyret i Bokn den 17.12.2013 som sak 052/13.

Plandokumentet er felles for samfunnsdelen og arealdelen

I 2018 vart det føreteke ei mindre justering av planføresegnene og ajourføring av planen. I tillegg vart tre bustadområde vest for Føresvik tekne ut av planen for å gje rom for nytt bustadareal på påtenkt utfylling i sjø utafor Føresvik.

### 2.2 Planprogrammet for revisjon av arealdelen

*Planprogrammet for arbeidet med revidering av deler av arealdelen vart godkjent av kommunestyret 16.02.2021 som sak 006/21.*

*Det vart gjort fylgjande vedtak:*

*«Med heimel i § 4-1 i plan- og bygningslova vedtar Bokn kommune at planprogram dagsett 12.01.2021 skal leggjast til grunn for arbeidet med revidering av deler av kommuneplanen sin arealdel.*

*Dette inneber at arbeidet med revisjonen skal avgrensast til fylgjande tema:*

*Bustadbygging*

*Næringsutvikling*

*Sentrumsutvikling*

*Tiltak for å auke folketalet*

*Innspela frå dei offentlege instansane i høyringsrunden knytt til planarbeidet, skal takast omsyn til i det vidare arbeidet, jamfør kommentarane i saksutgreiinga.*

*Frist for innspel vert sett til 1. mai 2021. Innspel til endra arealbruk må innehalde dei opplysningane som går fram av kapittel 9 i planprogrammet».*

### 2.3 Endringar i framlegget til ny plan i høve til gjeldande kommuneplan.

Som det går fram av det vedtekte planprogrammet, er det i denne omgangen ikkje gjennomført ei fullstendig rullering av planen.

Endringane går i all hovudsak på vurdering av nye areal for bustad og næringsføresmål, samt ein del generelle justeringar ut frå nytt kunnskapsgrunnlag.

Desse er det gjort nærare greie for i konsekvensutgreiinga, som ligg som eit vedlegg til planomtalen.

Nedanfor fylgjer eit kort oversyn over dei viktigaste endringane i høve til den gjeldande planen, og dei omsyn og føringar som ligg til grunn for endringane:

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036



## Plandokumenta

Dei einskilde arealendringane er ikkje gjort greie for i detalj i sjølve planomtalen, men ligg ved som eit eige vedlegg (Konsekvensutgreiing arealinnspel)

•Plankartet viser endringane frå tidlegare arealdel som «status framtidig» for å gjere det tydeleg i plankartet kor det er gjort endringar.

## FN sine bærekraftsmål og større miljøambisjonar

Forvaltninga av areala i kommunen er sett opp mot FN sine bærekraftsmål, og det er lagt vekt på at arealbruk skal fylgje opp bærekraftsmåla og nasjonale miljømål.

FN sin bærekraftsmål skal leggjast til grunn for all planlegging.

## Klima

Omsyn til klimautslepp er teke inn som eit eige tema i konsekvensutgreiinga. Dette med omsyn til om arealet vil fremje mykje eller lite biltrafikk og om arealet er registrert som karbonrikt eller ikkje. Karbonrike naturtypar som myr eller skog med høg bonitet er kartlagt og vist på eige temakart. <https://www.temakart-rogaland.no/share/8cc4e0ddf28d>. Areal er i all hovudsak sett av til LNFR. Det vert stilt krav i føresegnene til at klimaomsyn skal kome inn tidleg i all planlegging.

## Naturmangfald

Naturområde med lite eller ingen inngrep er vurdert som ein kvalitet og verdi som det er ynskjeleg å ta vare på. Område med stort verde for naturmangfald er vist i plankart med omsynssone bevaring naturmiljø (H560). Grunnlaget for omsynssonene er henta frå naturbase.no, og omfattar utvalde naturtypar og Naturtypar med svært høg verdi eller A-verdi. Det er utarbeid retningslinjer til sonene.

## Støy

Krava til korleis støy skal handsamast i arealplanlegginga er skjerpa inn etter at dei nasjonale retningslinjene for støy vart revidert i 2021. Dette fører mellom anna til strengare krav for uteopphaldsareal som vender mot støykjelder, slik som trafikkert veg.

## Blågrøn struktur og overvatn

Det er lagt vekt på samanheng mellom terreng- og overflateutforming, grønstruktur og handtering av overvatn.. Overvatn skal som hovudregel handterast lokalt med opne løysingar. Det er ikkje tillate å lukke bekker og bekkedrag. Ved nye tiltak skal det vurderast å reetablere bekker som er lagt i røyr.

I alle utbyggingsprosjekt skal blågrøn faktor leggjast til grunn

## Sentrumsutvikling

Kommunen har som målsetjing å utvikla Føresvik – Alvestadkroken som tyngdepunkt i busettingsmønsteret i kommunen. Her skal det vera plankrav, høg arealutnytting og tilbod av ulike bustadtypar som einestad, konsentrert småhus og leilegheiter i blokk. Føresvikområdet skal i samsvar med ATP-Haugalandet utviklast «innafrå og utover», og dette er det teke omsyn til mellom anna ved å legge ut areal for sentrumsnære bustadtomter, samt førebu utarbeiding av ein stadanalyse som grunnlag for vidare utvikling av sentrumsfunksjonar i Føresvik.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

### **Utvikling i utkantstrok**

Tradisjonelt har Bokn kommune hatt eit relativt stort innslag av spreidd busetnad, og det har vore eit politisk ynskje å vidareføre dette, mellom anna av omsyn til å halde oppe busetnaden i alle deler av kommunen, for slik å leggje til rette for levande bygder.

I den gjeldande planen er det lagt ut i alt 8 område for spreidd busetnad, og det er lagt til grunn at dei av desse som ikkje er byggemodna ved neste planrevisjon, skal takast ut av planen.

Det er i dag 3 område som er sett av til spreidd busetnad, som ikkje er utnytta.

Etter kontakt med eigarane av desse, er det lagt til grunn at desse område framleis er aktuelle for utbygging, og gjeldande plan vert difor vidareført.

I tillegg er det i føresegnene gjort framlegg om at det i planperioden vert tillate oppføring av inntil 10 bustader i tilknytning til eksisterande busetnad i LNF-områda, dersom tilhøva ligg til rette for det etter nærare vurdering.

### **Bustadbygging**

Tiltak for å auke folketalet er eit hovudmål for Bokn kommune, også når det gjeld revidering av kommuneplanen sin arealdel,

Planen viser difor nytt framtidig bustadareal tett opp mot Føresvik sentrum.

### **Næringsutvikling**

Planen legg til rette for at den tradisjonelle næringsverksemda i form av landbruksdrift og fiske kan oppretthaldast og utviklast vidare, og det er også lagt inn areal som legg til rette for utvikling av turisme,

Vidare er det sett av utvidingsareal for Grieg Seafood sitt anlegg i Trosnavåg, og nytt nytt næringsareal sør for Knarholmen.


### **Omsynet til landbruk**

Omsynssona for kjerneområde landbruk som ligg i gjeldande arealdel vert oppretthalde for å styrke jordvernet.

Ved vidareutviklinga av Føresvik-Alvestadkroken som tyngdepunkt skal det i størst mogeleg grad sikrast vidare drift av jordbruksareala.

### 3. Planprosessen

Figur nr.1: Kommuneplanprosessen



Kommuneplanprosessen vert regulert av Kapittel 11 i plan- og bygningslova. I § 11-1 heiter det mellom anna:

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.»

Arealdelen i kommuneplanen er ein vesentleg del av kommunen sitt langsiktige plangrunnlag og skal vise sammenhengen mellom samfunnsutviklinga, behov for vern og utbygging og framtidig arealbruk.

Kravet om utarbeiding av arealplan og rettsverknadane av denne går fram av §§ 11-5 og 11-6 i plan- og bygningslova:

«§ 11-5. Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.

Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underformål for arealbruk, hensynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.»


«§ 11-6. Rettsvirkning av kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6. Planen gjelder fra kommunestyrets vedtak, dersom ikke saken skal avgjøres av departementet etter § 11-16.

Tiltak etter § 1-6 må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knyttet til arealformål og hensynssoner.

Der det ikke gjelder eller er stilt krav om reguleringsplan, jf. § 12-1 andre ledd, skal kommuneplanens arealdel følges ved avgjørelse av søknad om tillatelse eller ved forståelsen av tiltak etter reglene i §§ 20-2 til 20-5.»

Figur 2.: Planprosessen



### 3.1 Organisering av kommuneplanprosessen

Planarbeidet har vore organisert med formannskapet som styringsgruppe. Formannskapet har også fungert som kommuneplanutval i heile prosessen. Det har vore halde aktuelle møte og drøftingane og samhandlinga har vore god. I tillegg har aktuelle arbeidsgrupper vore i arbeid. Desse gruppene har vore sett saman av innbyggjarar og andre medlemmer med kunnskap og interesser innafor dei ulike tema som skulle utgreiast nærare.

### 3.2 Medverknad

Frå Plan og bygningslova:

*«§ 5-1: Medvirkning  
Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private. Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.»*

#### Generelt

Planprogrammet definerte retninga for medverknadsarbeidet knytt til revidering av deler av arealdel. Kommunen erfarte diverre at koronapandemien gjorde medverknadsarbeidet utfordrande og at det var behov for å tilrettelegge for nye, smarte måtar å medverke på. Kommunen har ikkje hatt ressursar nok til å komme i mål med dette, men meiner likevel at ein kan vise til brei medverknad når ein ser på det flotte arbeidet som er lagt ned i arbeidsgruppene. Samla sett har mellom 30 og 40 personar bidratt til og i medverknaden.

Det har også vore arrangert både workshop og ulike aktuelle spørjeundersøkingar retta mot både privatpersonar/innbyggjarar/andre samt mot konkret næringsverksemd.

#### Born og unge

Ungdomsrådet i Bokn har vore svært delaktige i mykje av arbeidet med revidering av arealdel. Dei har kome med innspel knytt til trafikk og trafikksikringstiltak, dei har deltatt på aktuelle fora og dei har bidratt i meningsutvekslinga både i arbeidet i arbeidsgruppene og også spesifikt under workshopen som blei halden 17. mars 2022. Heile 6 av 8 representantar frå ungdomsrådet var til stades under workshopen.

Barnetråkk – registreringane var planlagd gjennomførte i god tid slik at registreringane kunne ha danna eit nødvendig kunnskapsgrunnlag for arbeidet med arealdelen. Diverre har ein ikkje fått ferdigstilt desse registreringane, og Barnetråkk - registreringane frå 2007 er difor lagt til grunn. Grunna ressursituasjonen i Bokn skule har det vore utfordrande å få gjennomført det planlagde prosjektarbeidet der.

### 3.3 Arbeidet med planen

Arbeidet med sjølve planen har i all hovudsak blitt utført av kommuneadministrasjonen, men med hjelp av fagpersonar utanfrå, mellom anna gjennom etablering av arbeidsgrupper med representantar frå aktuelle lag og organisasjonar når det gjeld einskilde tema.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Formannskapet var i eigenskap av Kommuneplanutval også styringsgruppe for arbeidet og har vore involvert gjennom drøftingsmøter samt i det konkrete arbeidet med dei ulike tema i planen.

Kommuneplanutvalet har blitt oppdatert undervegs om status og problemstillingar med behov for politisk avklaring.

Publikum har blitt invitert til å kome med innspel, både gjennom at representantar for ulike lag og organisasjonar deltok i ein skilde arbeidsgrupper, og ved invitasjon til å kome med innspel under arbeidet med planen.

Publikum vil også få høve til å kome med merknader i høyringsrunden når eit planutkast ligg føre.

I arbeidet med planen er det i all hovudsak nytta sekundærdata frå allereie eksisterande kjelder, slik som naturbase.no, artsdatabanken.no, Askeladden.no og liknande.

I tillegg tok arbeidsgruppa Folketalsutvikling initiativ til å få sendt ut ei spørjeundersøking med spørsmål om kva faktorar om har betydning for kor ein ynskjer å busetje seg.

Spørjeundersøkinga fekk namnet «Draumeplassen», sjå døme på respons i figur 3. og figur 4. under.

Folketalsutviklingsgruppa utarbeidde også ein rapport frå arbeidet sitt til nytte for dei andre arbeidsgruppene.

Bustadutviklingsgruppa utarbeidde ein grundig bustadanalyse basert på sitt arbeid og bustadanalysen ligg til grunn for vurderingar som er gjort i planarbeidet.

Workshopen som blei halden i mars 2022 blei følgt opp med ei spørjeundersøking ut til alle verksemdene i Bokn kommune tidleg august 2022. Kommunen fekk bistand frå Rogaland Fylkeskommune og «Rogalandsmodellen» til dette arbeidet. Resultata frå spørjeundersøkinga vart presenterte for verksemdene i eit nettverksmøte i november 2022.


Bokn Næringsforum såg dagens ljøs att etter mange års dvale i september 2022.

Stadanalysen som vart initiert av sentrumsutviklingsgruppa, vart ikkje gjennomført tidsnok til å danne grunnlag for denne revideringa av kommuneplanen sin arealdel. Stadanalysen skal gjennomførast som ein del av tettstadsutviklingsprosjektet. Som kunnskapsgrunnlag for komande revisjonar er datamaterialet heilt sentralt.

**Figur nr. 3.: Resultat frå spørjeundersøkinga «Draumeplassen»**

Kva skal til for at du skal etablere deg på Bokn?


Besvart: 38 Hoppet over: 2



**Figur 4. Resultat frå spørjeundersøkinga «Draumeplassen»**

Nemn den viktigaste faktoren som gjer at du ville budd nettopp der?

Besvart: 39 Hoppet over: 1





#### 4. Rammer for planarbeidet

##### 4.1 FN sine mål for bærekraft

Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for bærekraftig utvikling fram mot 2030. Bærekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Dei gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei bærekraftig utvikling.



1. Utrydde fattigdom	9. Innovasjon og infrastruktur
2. Utrydde svolt	10. Mindre ulikskap
3. God helse	11. Berekraftige byar og samfunn
4. God utdanning	12. Ansvarleg forbruk og produksjon
5. Likestilling mellom kjønn	13. Stoppe klimaendringane
6. Reint vatn og gode sanitærtilhøve	14. Liv under vatn
7. Rein energi for alle	15. Liv på land
8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst	16. Fred og rettferd
	17. Samarbeid for å nå måla

Når det gjeld FN sine bærekraftsmål, var desse sjølvsagt vera styrande for planarbeidet. Dei mest sentrale bærekraftsmåla knytt til revidering av arealdelen vart i planprogrammet vurdert å vere:

- 3: God helse og livskvalitet
- 6: Reint vatn og gode sanitærtilhøve
- 7: Rein energi til alle
- 9: Industri, innovasjon og infrastruktur
- 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 13: Stoppe klimaendringane
- 14: Livet i havet
- 15: Livet på land
- 17: Samarbeid for å nå måla

Under arbeidet med planen vart mål nr. 7- Rein energi til alle, - bytta ut med mål nr.2, - Utrydde svolt.

I tillegg er mål nr. 17 - Samarbeid for å nå måla, -utelatt.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

I pkt.11.1 er det nærare vurdert korleis dei einskilde framlegga til endring av plan og føresegner bygger opp under bærekraftsmåla.



Foto:

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

## 4.2 Nasjonale forventningar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei bærekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og leggjast til grunn for statlege styresmakter sin medverknad i planlegginga.

I Kommunal- og Moderniseringsdepartementet si orientering om Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023, vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019, heiter det:

*«Regjeringen vil formidle den nasjonale prioriterte politikken på en tydelig måte, slik at planleggingen i fylkeskommuner og kommuner kan skje effektivt og til beste for innbyggerne i hele landet. Samtidig styrker regjeringen det lokale selvstyret i planleggingen. Det betyr at fylkeskommunene og kommunene får økt ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Regjeringen ønsker at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal være basert på åpen dialog mellom alle parter, der også staten deltar. Et viktig skritt på veien er de nasjonale forventningene.*

*Regjeringen legger vekt på at vi står overfor fire store utfordringer:*

*Å skape et bærekraftig velferdssamfunn*

*Å skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning*

*Å skape et sosialt bærekraftig samfunn*

*Å skape et trygt samfunn for alle*

*De regionale og lokale myndighetene har sentrale oppgaver med å håndtere disse utfordringene. Det gjelder alle kommuner, uavhengig av størrelse og kompetanse.*

*Planlegging er et av deres viktigste verktøy*

*Regjeringen har bestemt at FNs 17 bærekraftsmål, som Norge har sluttet seg til, skal være det politiske hovedsporet for å ta tak i vår tids største utfordringer, også i Norge. Det er derfor viktig at bærekraftmålene blir en del av grunnlaget for samfunns- og arealplanleggingen.»*

### Statlege retningslinjer

Om statlege retningslinjer heiter det i § 6-2 i plan- og bygningslova:

*«Kongen kan gi statlige planretningslinjer for landet som helhet eller for et geografisk avgrenset område.*

*Statlige planretningslinjer skal legges til grunn ved:*

*a) statlig, regional og kommunal planlegging etter loven her, enkeltvedtak som statlige, regionale og kommunale organer treffer etter loven her eller annen b) lovgivning.*

*Forslag til statlige planretningslinjer skal sendes på høring med seks ukers frist for uttalelse før de vedtas.*

*Departementet skal gjøre statlige planretningslinjer kjent for alle berørte offentlige organer, interesserte organisasjoner og institusjoner, og allmennheten.»*

### Gjeldande statlege retningslinjer:

FOR-1995-09-20-4146: Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen  
 FOR-2009-09-04-1167: Statlige planretningslinjer for klima- energiplanlegging i kommunene  
 FOR-2011-03-25-335: Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen  
 FOR-2014-09-26-1222: Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging  
 FOR -1994-11-10-1001: Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag

### 4.3 Regionale rammer

#### ATP Haugalandet

Om planen som vart vedteken i 2017, heiter det i fylkeskommunen si orientering:

*«Planen, som er en revisjon av tidligere plan, skal bidra til at Haugalandet framstår som en attraktiv region for både innbyggere og næringsliv. Kvaliteter som variert boligmarked, attraktive tettstedsentre og god tilgjengelighet skal videreutvikles. Samtidig styrkes fokuset på nærhet, miljø og samhandling i regionen.*

*Planen legger til rette for en utvikling som bygger opp om by-, tettsteds- og grendesentre i alle deler av regionen, slik at de i størst mulig grad kan:*

*Gi rom for vekst og utbygging av boliger, næringsvirksomhet og offentlige funksjoner.*

*Dekke daglige behov, skape møteplasser og styrke lokal identitet.*

*Gi korte avstander til handel, service, arbeidsplasser og andre funksjoner.*

*Tilrettelegge for å gå og sykle, eller ta bussen der det er mulig.*

*Videre utvikling av vegnettet, tilgjengelighet og trafiksikkerhet – differensiert ut fra forutsetninger og utfordringer i ulike deler av regionen.*

*Planen tilrettelegger også for videre utvikling av vegnettet, tilgjengelighet og trafiksikkerhet – ut fra forutsetninger og utfordringer i ulike deler av regionen.*

*Planen inneholder felles strategier for hele regionen, med økt grad av koordinering i de ytre kommunene der veksten har vært størst. Planen har blitt til i samarbeid med kommunene og statlige etater og skal følges opp gjennom et regionalt samarbeid med areal- og transport.»*

#### Utviklingsplan for Haugesundregionen 2017 – 2020 med tiltaksplan

I innleiinga til planen heiter det:

*«Utviklingsplan Haugesundregionen er de ti kommunen i regionen sitt grep for å ta regi på fremtiden, - å bidra til sterkere samhandling mellom næringslivet, utdannings- og forskningsmiljøer og offentlige aktører.»*

#### Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024

I regionalplanen vert det gjort greie for den tette samanhengen mellom friluftsliv og naturforvaltning, og for korleis fylkeskommunen skal arbeide for å trekkje positive ringverknader ut frå dette. Rogaland Fylkeskommune legg vekt på at det er eit ynskje om at alle skal kunne nyte godt av å vere ute.

EUs 7. Miljøhandlingsprogram seier at velstanden og miljøet vårt må basere seg på at naturressursane skal forvaltast på ein berekraftig måte. Biologisk mangfald må beskyttast, verdsettast og gjenopprettast på ein måte som bidrar til at samfunnet vårt vert meir robust.

Det er dette fylkeskommunen ynskjer å sikre gjennom regionalplanen «Ute i Rogaland».

<http://www.rogfk.no/Plan-Rogaland/Regionale-planer-og-strategier/Folkehelse-ogfriluftsliv/Regional-plan-for-friluftsliv-og-naturforvaltning-2017-2024>

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Rogaland Fylkeskommune har planlagt å gjere ein mindre revisjon av planen.

### **Regionalplan for folkehelse 2013-2017**

Med Regionalplan for folkehelse ynskjer Rogaland Fylkeskommune å synleggjere at folkehelse er samfunnsutvikling, og at ein helsefremmande politikk på alle samfunnsområde vil vera ei lønnsam investering for framleis vekst og bærekraftig utvikling i fylket. Gjennom kunnskapsbaserte tiltak og ein rettferdig fordeling av ressursane i tråd med lokalt utfordringsbilde, vil fylket bidra til å oppfylle hovudmålet i planen om å fremje god helse samt jamne ut sosiale helseforskjellar. Helse i plan og vidare utvikling av partnerskap for folkehelse i Rogaland vil vera sentrale verkemiddel i så måte. Planen er gyldig inntil ny plan føreligg. Rogaland fylkeskommune tek sikte at planen skal reviderast og slåast saman med Regionplan for universell utforming.

<http://www.rogfk.no/Vaare-tjenester/Folkehelse>

### **Regionale utviklingstrekk Rogaland 2022**

Regionale utviklingstrekk Rogaland 2022 gir eit godt bilete på korleis status for Rogaland var ved inngangen til 2022. Rapporten gir oppdatert informasjon om utviklingstrekk og trendane i fleire ulike samfunnsområde under hovudpunkta:

1. Demografi
2. Klima og miljø
3. Folkehelse
4. Kultur
5. Næringsutvikling

Det som vert presentert i rapporten, er regionale utviklingstrekk ved inngangen til 2021.

### **Regionplan for klimatilpassing i Rogaland 2020 – 2050**

Klimatilpassing inneber å forstå konsekvensane av at klimaet endrar seg og å setje i verk tiltak for å på den eine sida å hindre eller redusere skade, og på den andre sida gjere det mogeleg å utnytte dei vilkåra som endringane inneber.

Regionplan for klimatilpassing er ein overordna og strategisk plan for klimatilpassingsarbeidet i Rogaland. Planen er meint å bidra til meir samarbeid på tvers av nivå og fag, meir kunnskaps- og kompetanseheving, meir innovasjons- og forskingsaktivitet, og større grad av gjennomføring av klimatilpassingstiltak.

Planen vart vedteken av fylkestinget i Rogaland 20. oktober 2020.

Planen består av tre dokument:

- Regionplandokumentet (2020- 2050) inneheld visjonar, mål, satsingsområde og retningslinjer.  
Dette dokumentet gir retning og prioriteringar for arbeidet

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

- Handlingsprogrammet for klimatilpassing gjer greie for kva tiltak som skal gjennomførast i perioden 2020-2024, og som fylgjer opp mål i planen
- Kunnskapsdelen summerer opp viktig kunnskap som planen bygger på

Regionplanen og dokumenta knytt til denne, har vore eit viktig del av grunnlaget for arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

### **Regionplan for energi og klima 2010 - 2020**

Rogaland fylkeskommune tek sikte på å utvikle denne planen vidare og samordne den med Regionplan for klimatilpassing, under namnet av Regionplan for klimaomstilling.

### **Utviklingsplan for Rogaland -regional planstrategi 2021- 2024**

Utviklingsplan for Rogaland er Rogaland fylke sin regionale planstrategi for perioden 2021-2024. Strategien skal beskriva retninga på samfunnsutviklinga ein ynskjer å sjå i fylket. Utviklingsplanen ble vedtatt i fylkestinget i Rogaland 20. oktober 2020 .

I innleiinga til planen heiter det mellom anna:

*«Regional planstrategi skal beskrive status i samfunnsutviklingen, sette mål og retning for framtidig utvikling, og angi hvordan oppgavene skal løses, på et overordnet nivå. Oppgaven er lovpålagt i plan- og bygningsloven § 7. I tillegg er dette en verdifull anledning til å løfte blikket og vurdere hvordan vi vil at Rogaland skal utvikle seg videre».*

## 4.4 Kommunale planar

### **Planstrategi for Bokn kommune 2019 - 2023**

Kommunen sitt planstrategidokument for perioden 2019 - 2023 som vart vedteke av kommunestyret i sak 004/20, prioriterer revidering av arealdelen av kommuneplanen (omfang av revideringa vert nærare avklara i planprogrammet) og legg føringar for arbeidet med kommuneplanarbeidet.

### **Overordna ROS analyse (revidert sept. 2020)**

ROS analysen viser at det kan skje mange uønskete hendingar innafør kommunen sitt geografiske område som kan få konsekvensar for innbyggjarane sine liv og helse, natur og miljø og skape «forstyrrelser» i dagleglivet.

Mange scenaria kan utvikle seg til å bli svært omfattande og prege dagleglivet over lang tid. Som følge av at Bokn kommune er eit lite samfunn ,vil mange av hendingane kunne få større konsekvensar for innbyggjarane enn ei tilsvarende hending i eit bysamfunn. Kommunen må difor sørge for å vera robust i høve til å kunne handtere dei mogelege hendingane som er identifisert.

### **Overordna beredskapsplan (revidert mai 2022)**

Beredskapsplanen er ein del av eit samla planverk som skal nyttast ved større ulykker eller uønskete hendingar i Bokn kommune der liv, helse eller større økonomiske verdiar står i fare.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Planen bygger på ein tverrfagleg risiko- og sårbarheitsanalyse som også ligg til grunn for tiltaksplanane i kriseplanen.

### **Kulturminneplan for Bokn kommune**

Kulturminneplan for Bokn kommune 2020-2024 blei vedtatt i kommunestyret 27.10 2020.

Føremålet med kulturminneplanen er å setje kulturminna på dagsorden gjennom å kartlegge og synleggjere kulturminne og kulturmiljø i kommunen.

Planen skal fremje kunnskap om kulturminna og den verdien dei har som ein del av kulturarven og identiteten vår.

Det vert teke sikte på at planen skal verta eit verktøy som kan gjere sakshandsaminga i plan- og byggesaker meir føreseieleg og effektiv.

### **Oversiktsdokumentet Folkehelse «Folkehelsa i Bokn 2015-2019»**

God oversikt over helsa til innbyggjarane og kva faktorar som verkar inn på denne, er ein føresetnad for å beskrive folkehelseutfordringar og ressursar, og naudsynt for å kunne planleggje og for å gjennomføre tiltak. Kommunen si plikt til å ha oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar fylgjer av folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa. Oversiktsdokumentet er ei samanstilling av informasjon som finst om helsetilstanden til boknarane. Dokumentet er ikkje eit plandokument og det fylgjer ingen bestillingar med. Gjeldande oversiktsdokument er under revisjon. Folkehelsegruppa har løpande fokus på og oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Tiltak blir, basert på ei tverrsektoriell tilnærming, iverksett ved behov. Handlingsplan for folkehelse, som blir revidert kvart år, er sidan 2012 laga med utgangspunkt i den løpande oversikta over helsetilstanden generelt.

<https://www.bokn.kommune.no/tenester/organisasjon/folkehelse/oversiktsdokumentethovuddokument.12334.aspx>

### **Kommunedelplan Bokn – Idrett og fysisk aktivitet**

Idrettsplanen er ein kommunal plan for idrett og aktivitet. Planen må sjåast i samanheng med gjeldande kommuneplan. Ein godkjend plan for idrett og aktivitet er ein føresetnad for å søkje spelemidlar til utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg i kommunen. Planen er eit viktig arbeidsreiskap i planbehandling av utbygging av anlegg og område for idrett og aktivitet. Plan for idrett og fysisk aktivitet blei sist revidert i 2021 med utgangspunkt i eit ynskje om å få etablert dagsturhytte i kommunen. For å kunne realisere dette prosjektet ville det vera avgjerande å få revidert plan for idrett og fysisk aktivitet for slik å kunne søkje fylkeskommunale spelemidlar. Dagsturhytta blei opna hausten 2022, dette til stor glede og nytte for små og store boknarar og besøkjande til kommunen.

### **Energi- og klimaplan**

Bokn kommune vedtok i desember 2011 ein energi- og klimaplan for kommunen.

Denne planen tek føre seg lokale konsekvensar og behov for tilpassingar til eit klima i endring.

Vidare inneheld planen eit oversyn over energisituasjonen i kommunen, med framlegg til tiltak for å redusere energiforbruk. Det er og vist til tiltak for bruk av fornybar energi, samt tiltak for klimavenleg energiproduksjon og lågare klimagassutslepp.

Planen inneheld framlegg til administrative og organisatoriske mål innafor tema energi, klima og miljø, samt mål og tiltak knytt til klimatilpassing.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036



Framlegg til revisjon av planen frå 2011 ligg føre, men framlegget er førebels ikkje ferdig handsama. Planutkastet og registreringane knytt til dette, er likevel ein del av kunnskapsgrunnlaget ved revisjon av arealdelen av kommuneplanen.

#### **Farekartlegginga vassverket**

Etter krav frå Mattilsynet vart det våren 2020 gjennomført ei farekartlegging knytt til dei ulike delane av vassverket. ROS-analysen som vart gjennomført som ein del av farekartlegginga vil vera ein del av kunnskapsgrunnlaget ved revisjon av arealdelen av kommuneplanen.


#### **Hovudplan VA under utarbeiding**

Hovudplanen for VA har vore under utarbeiding, men er av ulike grunnar ikkje ferdigstilt. Planutkastet og registreringane knytt til dette, er likevel ein del av kunnskapsgrunnlaget ved revisjon av arealdelen av kommuneplanen.

#### **Trafikksikkerhetsplan**

Trafikksikkerhet handlar om å kunne bevege seg trygt i lokalmiljøet, anten ein er fotgjengar, syklist eller bilist – barn, ungdom eller vaksen. Grad av opplevd tryggleik påverkar helsetilstanden til den enkelte av oss og arbeid relatert til trafikksikkerheit er difor eit svært viktig arbeid.

Trafikksikkerhetsplan for Bokn kommune 2020-2024 vart revidert i 2020 og planen er no den 4. de i rekkja av trafikksikkerhetsplanar for kommunen. *Handlingsprogrammet blir rullert kvart år i samband med økonomiplanarbeidet.* Planane har hatt som hovedefunksjon å vera eit styringsverktøy for eit målretta trafikksikkerhetsarbeid. Det er i tillegg ein føresetnad at ein kan visa til ein vedtatt trafikksikkerhetsplan for å kunne søkje fylkeskommunale trafikksikringsmidlar.



#### 4.5 Utgreiingar og rapportar til planarbeidet

Planen består av følgjande dokument:

Planomtalen

Plankartet

Føresegnene

I tillegg er det følgjande vedlegg til planomtalen:

Konsekvensutgreiing av arealinnspel (vedlegg nr.1)

Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse (vedlegg nr.2)

Rapport frå arbeidsgrupper (vedlegg nr.3)

Tabellar over utbyggingsområde (vedlegg nr.4)

#### 4.6. Satsingsområda frå samfunnsdelen til kommuneplan

Arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen har hatt som siktemål å leita fram det som skil seg ut som særleg viktig å satsa på ut frå eit heilskapssyn. Ei hovudutfordring som snart peika seg ut, var knytt til stabilisering og helst auke av folketalet i kommunen. Med dette som bakteppe vert det tydelegare enn på fleire år, at ein lyt intensivere arbeidet med å marknadsføre kommunen, med å skape bulyst hjå dei som allereie bur her samt leggje til rette for at andre skal ynskje å flytte hit. I tillegg har kommunen alt å tene på å leggje til rette for etablering av anlegg for å styrke reiselivet. Dette har vore styrande for arbeidet med revidering av arealdelen.

### 5. Sentrale tema og problemstillingar i kommuneplanen sin arealdel

#### Innleiing

Kommuneplanen sin arealdel er ein vesentleg del av kommunen sitt langsiktige plangrunnlag. Den skal vise korleis framtidig samfunnsutvikling og arealbruk heng saman, og gje føringar for bruk og vern av de fysiske omgjevnadane våre. Kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggjast til grunn for den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga i kommunen, og skal i tillegg ta vare på nasjonale og regionale interesser, jf. plan- og bygningslova §§ 3-1, 11-1 og 11-5.

Kommunen sin arealpolitikk må difor utformast i samspelet mellom statlege og regionale styresmakter, kommunen sine innbyggjarar, grunneigarar og næringslivet.

Opne og inkluderande planprosessar er viktig for å få til eit konstruktivt samspel og endring i arealbruk basert på samfunnsutviklinga

Arealdelen skal omfatte heile kommunen sitt areal, både på land og i sjø.

Planen har ein tidshorisont på 12 år, men behovet for revisjon av heile eller deler av planen, skal vurderast i kvar valperiode.


## 5.1 Utviklingstrekk Bokn kommune

### 5.1.1 Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga er kanskje den mest sentrale faktoren når kommunen skal planlegge framtida. Befolkningsframskrivinga bereknar framtidas befolkning basert på forutsetningar om fruktbarheit, dødelegheit, flytting og nettoinnvandring. Tala kjem i hovudsak frå SSB si folketalsutvikling MMMM Hovudalternativet

### Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen


Alder



**Figur 5: Befolkning Bokn 2021, aldersfordeling kvinner – menn**

Kjelde: SSB

Figur 3. Andel av befolkningen over 70 år i 2050



Figur 6: Andel over 70 år i 2050, Bokn og omkringliggende kommuner %

Det er viktig å sjå på utviklinga i regionen kommunen høyrer til i, i tillegg til utviklinga i sjølve kommunen. For den kommunale planlegginga er det òg viktig å finne sentrale utviklingstrekk, og vurdere i kva grad kommunen kan påverke utviklinga i ønska retning.

Det er naturleg å leggja framskrivne tal til grunn, men framskrivingane er usikre og kan trenge justering ved bruk i planlegging.

Befolkninga utviklar seg ofte på en forutsigbar måte frå år til år; dei fleste av oss vil trass alt vera eitt år eldre og bu på same stad også til neste år. Likevel veit vi at uforutsette endringar kan oppstå. Frå vår nylagaste historie kan vi trekkje fram krigen i Ukraina og koronapandemien. Endra livsval samanlikna med tidlegare generasjonar kan og vere vanskelege å føreseie, til dømes når det gjeld val om å få barn.

Resultata frå framskrivingsmodellen viser kva som skjer dersom alt hovudsakeleg held fram slik som før. Det vil seia at befolkninga fylgjer dei demografiske trendane vi har observert den siste tida. Dette betyr at det ikkje blir tatt direkte omsyn til framtidige planar som infrastrukturprosjekt og bustadutbygging. Framskrivningane blir difor å rekna som eit utgangspunkt. Det er hensiktsmessig å vurdere om føresetnadane er rimelege. Dersom dette ikkje er tilfellet, bør tala justerast basert på eigen lokal kunnskap.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036


Arbeidsgruppa som har arbeidd med temaet bustadbygging har konkretisert denne lokale kunnskapen i supplerande figurar og tabellar som vist til under. Gruppa konkluderer med at tala, lokal kunnskap tatt i betraktning, vil vera noko høgare enn tal frå SSB. Legg ein desse tala til grunn får det innverknad på planlegginga: tal, justert etter lokal kunnskap, tilseier at behovet for areal avsett til framtidig bustadbygging må vera større enn kva tala frå SSB representerer:

**Figur 7: Folketalsutvikling/Framskrivningar Bokn kommune 2050**

Årstall		2025	2030	2035	2040	2045	2050
Geografi	Alder						
Bokn	alle aldre	826	835	849	862	873	879
	0-24 år	215	209	201	203	209	212
	25-44 år	162	174	182	173	167	161
	45-64 år	237	227	221	205	197	203
	65-74 år	103	108	110	130	132	112
	75-79 år	42	42	54	49	58	67
	80 år+	67	75	81	102	110	124

Kjelde: SSB

**Figur 8. Folketalsutvikling Bokn kommune 2050 justert for lokale påvirkningsfaktorar**



Kjelde: Arbeidsgruppa «Bustadbygging» - kommuneplanarbeid Bokn kommune 2021

Alt dette vil nok ikkje slå til samstundes, så auken vil nok truleg bli litt mindre, men det er realistisk å tru at befolkninga kan være rundt 1200 personar i 2050.

Som tabellen over viser til, vil befolkningsveksten vera høgare enn SSB sine tal basert på effekten av fleire tilhøve:

- Rogfast og E39 bygging

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

- Haugaland næringspark.
- Statlege arbeidsplassar / heimekontor / kontorfellesskap

Det blir vidare vist til ei utdjuping av dette i vedlegg nr. 3 :


«Folketalsanalyse for Bokn kommune»

### 5.1.2 Økonomi

Bokn kommune har levert positive rekneskapstal over fleire år. Gode inntekter frå Havbruksfondet og eigedomsskatt frå Kårstø har vore ein sterk bidragsyter til dette. I 2021 fekk kommunen i tillegg høge skatteinntekter som bidrog til eit godt resultat. Kommunen sin økonomi er utfordrande med tanke på at desse inntektene fullt ut er brukt inn i drifta og at ein korrigert for desse inntektene har balansert rundt «nullpunktet». Dersom desse inntektene fell bort vil ein komme i ein situasjon der ein ikkje lenger leverer positiv drift.

I Kommunebarometeret utarbeidd av Kommunal Rapport, ser ein at Bokn kommune scorer raudt på det dei har kalla korrigert netto driftsresultat, der inntekter frå Havbruksfondet er tatt bort. Korrigert netto driftsresultat for Bokn kommune var negativt 0,9% i 2021, mot eit landssnitt på positivt 1,49%. Konklusjonen i rapporten er at kommunar med høg inntekt også bruker generelt meir pengar på drift. Sjå figur.

**Figur 9: Frie inntekter og eiendomsskatt per innbyggjar**



Spesielt følgjande drivarar som gir økonomiske utfordringar i Bokn kommune:

- Høgare ambisjonar på tenestetilbodet enn kva kommunens underliggende inntekter har gitt grunnlag for.
- Fleire lovpålagte oppgåver til kommunane utan at desse er blitt fullfinansiert av staten
- Inntekter frå eigedomsskatt er raskt fallande.
- Inntektsutvalet si anbefaling (NOU 2022:10) der det blir foreslått ein ny inntektsmodell inneber at kommunar som får inntekter frå Havbruksfond og eigedomsskatt knytt til eksempelvis Kårstø, vil få mindre inntekter i framtida.
- Den demografiske utviklinga i Bokn forsterkar utfordringane i økonomien. Utviklinga dei seinare åra viser stor auke i dei eldste befolkningsgruppene, og stor reduksjon i dei yngste befolkningsgruppene. Dette vil føre til ei særleg vekst i kommunale tenester innanfor helse og omsorg. For å møte denne oppgåveveksten må ein prioritere ressursane i heile kommunen.

#### Havbruksfondet:

Utbetalinger frå Havbruksfondet varierer frå år til år med til dels store svingingar.

2018: 5.971tnok

2019: 5.660tnok


2020: 6.767tnok

2021: 3.764tnok

Som følge av ny ordning for korleis Havbruksfond utbetalingane blir, er me spent på utbetalinga for 2022 som me forventar å få meir informasjon om i slutten av september (me har forsøkt fleire gonger å få ut info frå Fiskeridirektoratet utan hell).

Men som grafen henta frå nettsidene til Fiskeridirektoratet viser, så må ein forvente ein nedgang i utbetalingane framover.

Figur 10: Inntekter Havbruksfondet



Fra 2022 viser søylene anslåtte inntekter fra produksjonsavgiften. I tillegg kommer 40 prosent av salgs- og auksjonsinntekter.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

### **Inntektssystemutvalget**

Inntektsutvalet si anbefaling (NOU 2022:10) der det blir foreslått ein ny inntektsmodell inneber at kommunar som får inntekter frå Havbruksfond og eigedomsskatt knytt til eksempelvis Kårstø, vil få mindre inntekter i framtida.

Om forslaget går gjennom slik det er lagt fram, vil ein måtte forvente ein reduksjon i kommunen sine inntekter med om lag 3 millionar kroner årleg. Det er uvisse om når (og om) dette trer i kraft, men ein estimerer tidlegast 2024.

### **Demografisk utvikling**

Den demografiske utviklinga i Bogn forsterkar utfordringane i økonomien. Utviklinga dei seinare åra viser stor auke i dei eldste befolkningsgruppene, og stor reduksjon i dei yngste befolkningsgruppene.

## **5.2 Folkehelse**

Innbyggjarane på Bogn har samla sett god helse. Ein ser likevel, som for landet generelt, at kombinasjonen av usunne vanar og stigande alder gjer at vi ser grunn til å oppretthalde fokuset på helsefremjande og førebyggjande tiltak. Befolkningssamansetning utgjer eit viktig utgangspunkt for korleis helsetilstanden fordeler seg i befolkninga noko som vidare dannar grunnlag for vurderingar knytt til helsefremjande arealdisponering.

Folkehelse blir definert som den samla helsetilstanden i befolkninga og korleis denne fordeler seg mellom innbyggjarane. Faktorar som verkar inn på folkehelsa er alt frå oppvekst – og levekårsforhold som bustad, utdanning, arbeid og inntekt til fysiske og sosiale miljø, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulukker, tobakksbruk og alkohol og anna rusmiddelbruk. Helse blir ganske enkelt til der folk lever og bur. Korleis vi disponerer areala i kommunen og til kva formål vil difor spela ei stor rolle som helsefremjande faktor.

Ei av kommunen sine viktige oppgåver er, jfr. § 7 i folkehelselova, å gje informasjon, råd og vegleiing om kva vi som enkeltindivid sjølv, men også som del av eit samfunn, kan gjere for å fremje helse og for å forebygge sjukdom. I tillegg har kommunen ansvar for å, planmessig, legge til rette for eit samfunn som gjev rom for å ta gode val for helsa (T.d.: Gang – og sykkelstiar, trygge uteområde og grøntareal som inviterer til sosialisering). Bogn kommune har lenge hatt høgt fokus på folkehelsearbeid. Gjennom nye samarbeidsformer og strukturar er innsatsen framleis høg. Kunnskap om helsetilstanden gjer oss i stand til å setje i verk naudsynte tiltak og det er difor viktig at kommunen til ei kvar tid har god oversikt over kor skoen trykker. Folkehelsegruppa har, trass i at oversiktsdokumentet ikkje nyleg er revidert, løpande fokus på og oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Tiltak blir, basert på ei tverrsektoriell tilnærming, iverksett ved behov. Handlingsplan for folkehelse, som blir revidert kvart år, er sidan 2012 laga med utgangspunkt i den løpande oversikta over helsetilstanden generelt.



### 5.3 Klimatilpassing

Plandelen i Plan - og bygningslova slår fast at kommunane og fylka skal ta klimaomsyn i si planlegging. Dette gjev kommunen høve til å stille naudsynte krav i utviklings – og utbyggingssaker.

Hovudutfordringa kommunen står overfor når det gjeld klima, er tilpassing til dei forventa klimaendringane.

Klimatilpassing inneber planlegging og gjennomføring av tiltak for å handtere naturfare som flaum, ras og stormflo, for å tilpasse natur og samfunn til effektane av nåverande eller framtidig klima, for å forebygge mot ikkje ynskete verknader eller dra nytte av føremonene. Å ta omsyn til klimaendringane er avgjerande for å sikre ei berekraftig utvikling av samfunnet.

I praksis inneber dette at temaet vil være relevant for de aller fleste planar – men det vil variere kor stor betydning tilpassing vil ha

Framtidige ekstremisituasjonar med omsyn til nedbør og temperatur, vil setje nye krav til mellom anna overvatnsystem i nedbørperiodar og sikring av reservevatn i tørkeperiodar. Eit område som allereie i dag har store problem knytt til overvatn, er Øyren feltet. Dette er nå under utbetring.

Det er forventa at klimaendringane vil føre til meir intensivt nedbør, noko som vil krevje større merksemd frå kommunen si side for å handtere overvatnet på ein slik måte at det ikkje fører til skade på liv og eigedom.

Dette må gjerast gjennom planmessige tiltak både i arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar, mellom anna ved at det vert vurdert samanhengande grøntdrag og forbod mot bekkelukking m.v.

Planlegging av grønstruktur kan til dømes redusere problem grunna intens nedbør. Også når natur vert nytta som førebyggjande element, er det viktig å sjå ulike arealformål i samheng. Kommuneplanen sin arealdel er viktig for klimatilpassing som miljøomsyn.

I tillegg må dimensjoneringskriteria for overvatnsystemet vurderast for å iverksetje dei justeringar som er naudsynt for å møte ei framtid med større og meir intensive regnversperiodar.

Som ein del av arbeidet for å førebu seg på klimaendringane, er det sett i gong arbeid med å registrere tidlegare hendingar der overvatn har ført til skade, kor dei skjeddde, kva årsaka var, og kva som er gjort for å hindre at tilsvarande hendingar vil skje i framtida..

Regionplan for klimatilpassing i Rogaland 2020 – 2050 gjer nærare greie for utfordringane kommunane i regionen står ovanfor, og har framlegg til tiltak for å møte desse utfordringane.

Desse er lagt til grunn ved arbeidet med arealplanen.

Havnivået vil stige, både på grunn av avsmelting av is og fordi temperaturen i havet aukar. Som ein kystkommune må Bokn ta særleg omsyn til dette. Kommunen har kartlagt konsekvensar av auka havnivå og stormflo. Planen legg føringar for kor høgt over havet bygningar kan plasserast og set krav til handtering av overvatn i utbyggingssaker.

I den gjeldande planen er det lagt til grunn at Hagavatn skal sikrast som reservevasskjelde, og det er lagt inn omsynssone for å sikre nedslagsfeltet til vatnet.

Det er ikkje føreteke endelege vurderingar om dette vatnet tilfredsstillar krava til kapasitet og hygienisk standard, men gjeldande plan er føreslege oppretthalde med omsyn til omsynssone

#### 5.4 Barn og unge sine oppvekstvilkår

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det formulert fylgjande målsetjing:

- Å leggje til rette for at born og unge skal ha eit trygt og godt lærings- og oppvekstmiljø kor dei har gode arenaer for sosialt samspel og aktivitet, og kor dei føler seg inkludert.
- Å jobbe for eit inkluderande samfunn, og unge i arbeidsfør alder skal ut frå sine individuelle føresetnader få moglegheiten til tilpassa arbeid og aktivitet med trygge rammer og tett oppfølging. Ein trygg oppvekst bidrar til å skape ein god og robust psykisk helse, og vil bidra til at færre barn og unge kjem i risikosituasjonar kor dei utviklar psykiske plager og lidingar.

Barn og unge i Bokn kommune har gode fysiske oppvekstvilkår, med god nærleik til grøntområde, sjø og fjære

Born og unge i Bokn kan i stor grad ferdast trygt ute både gåande og på sykkel, og nærområda kor dei oppheld seg vert og opplevd som trygge områder. Undersøkingar viser og dette (elevundersøking, ungdatabe og folkehelseprofilen for kommunen).

Det er eit krav at kommunen organiserer planprosessen på ein slik måte at synspunkt som gjeld born og unge som råka part kjem fram og at denne gruppa sjølv får delta. Det har derfor vore avgjerande å leggje til rette for gode medverknadsprosessar med born og unge, mellom anna gjennom at Ungdomsrådet har vore representert i ulike arbeidsgrupper.

Dei unge gir tilbagemeldingar på at det manglar stader der dei kan "henge", og kor dei kan ha ein eigen sosial arena/fleire møteplassar som tilbyr varierte aktivitetar, gjerne samlokalisert med øvrige kultur- og fritidstilbod i kommunen. Kommunen har noko organiserte kultur og fritidstilbod for barn og unge, og nokre vel å reise til nabokommunar for aktivitetar som ikkje vert tilbydd i Bokn.

Det vil og vere viktig å sjå korleis ein i kommunen kan utvikle gode fritidsarenaer utanom dei organiserte aktivitetane for born og unge. Dei treng fleire sosiale møteplassar, og tilboda bør vere lokalisert i nærleiken av andre fritidsarenaer/skule/bibliotek/idrettsanlegg. Bokn kommune er ein MOT kommune. Dette skal synleggjerast i alt planarbeid i kommunen, og er allereie implementert i skulen.

#### Barnetråkk

Bokn har hatt som intensjon å få gjennomført barnetråkkregistreringar. Barnetråkkregistreringar er ein medverknadsmetode for å høyre born og unge si meining om nærmiljøet sitt, samt kartlegge dette. Desse registreringane må gjennomførast med jamne mellomrom.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

I 2019 søkte kommunen om midlar til å kunne gjennomføre ei Barnetråkkregistrering. Kommunen har frå tidlegare av registreringar frå 2007 og såg det som naudsynt å oppdatere datamaterialet. Grunna ressursituasjonen i kommune har ein ikkje kome i mål med det nye registreringsarbeidet. Dette er uheldig, men registreringane frå 2007 har framleis relevans og ein har difor lagt desse til grunn i planarbeidet.

### **Uteopphaldsareal**

Uteopphaldsareal er ein svært viktig del av bumiljø og bukvalitet, og dette har spesielt stor betydning for born og unge i heile kommunen. Sjølv om det ofte er kort veg til naturområde er det viktig å legge til rette for grøntareal og leikeplasser i nær tilknytning til bustaden.

Dette er det teke omsyn til ved utforming av krava til leikeplassar i føresegnene.

### **5.5 Samferdsel og kommunikasjon**

Kommunen har i dag samband med sørfylket via ferjesambandet Arsvågen – Mortavika, og med resten av nordfylket via E39.

Kollektivtilbodet er avgrensa til Kolumbus sine bussruter til nordfylket, og til Kystbussen si gjennomgåande rute.

I høyringsuttale til Rogaland fylkeskommune sin strategiplan for kollektivtrafikken i fylket, gjorde formannskapet fylgjande vedtak i sak 022/08:

*«Under forutsetning av at det også tas distriktpolitiske hensyn når tiltak skal iverksettes, anbefaler Bokn kommune at den foreliggende strategiplan legges til grunn for det vidare arbeidet med å styrke kollektivtrafikken i fylket.*

*Det forutsettes vidare at det først tas standpunkt til evt. restriktive tiltak etter at en vurdering av alle konsekvenser av disse er foretatt.*

*Ungdomskortet må også gjelda for Kystbussen.*

*Hovedbusstoppet for direkte buss frå/til Bergen må flyttast frå Arsvågen til busstopp på Vestre Bokn ved Boknasund bru.*

*Skuleruta til Haugesund må oppretthaldast som eit rutetilbod heile året uavhengig av skuleferiane.»*

Dei store vegprosjekta som er under planlegging og bygging, vil få konsekvensar også for Bokn kommune.

Som ein del av den planlagde utbygginga av E39 mellom Kristiansand og Bergen, vil Rogfast som nå er forventa ferdig i 2033, leggje til rette for ein utvida bu- og arbeidsmarknad i regionen.

Reisetida mellom Bokn og Stavanger vil vert redusert med ca. ein halv time, og reisetida mellom Bokn og Stord vil verta redusert med ca. ein halv time.

Med ei god tilknytning til den framtidige E39, vil føresetnaden for både næringsutvikling og auke i busetnaden vera til stades, og det er viktig at både den statlege og den kommunale planlegginga legg til rette for å utnytte desse føresetnadane på ein optimal måte.

I arbeidet med endring av kommuneplanen, er det vurdert aktuelle tiltak for å unngå at veganlegget berre fører til ein «korridoreffekt» for kommunen, der negative miljøkonsekvensar av anlegget ikkje vert vegd opp av positive ringverknader.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Reserver av areal for bustadbygging og næringsføremål er vurdert som sentralt i høve til dette.

Sjølv om Rogfast etter dei siste prognosane ikkje vil vera slutført før mot slutten av den planleggingshorisonten revisjonen av arealdelen kommuneplanen har, må veganlegget liggje som ein viktig premiss for planarbeidet, der det også bør vurderast ei samfunnsmessig rett utnytting av steinmassane frå anlegget.

Dette gjeld sjølvstilt tiltak for å auke busetnaden og utvikling av næringslivet, men også for tema knytt til klima og miljø og utvikling av dei ulike tenesteområda i kommunen.

Sjølv om også ein framtidig E39 vil opne opp for ei positiv utvikling av dei ulike delane av kommunen, er det viktig at det snarast vert avklara eit endeleg traseval over kommunen. Så lenge endeleg trase ikkje er valt, legg dette hinder i vegen for vidare arealplanlegging i deler av kommunen.

I arbeidet med revisjon av arealdelen, er det teke høgd for at arbeidet med Rogfast kan verta ytterlegare forseinka, mellom anna ved å setje av nytt bustadareal som ikkje er avhengig av tilførsel av steinmassar frå Rogfastutbygginga.

Også planlegging og gjennomføring av ny E39 er usikre faktorar som kompliserer kommunen si arealplanlegging..

I tilknytning til arbeidet med Rogfast og planlegging av ny E39, har Statens vegvesen fremja ynskje om å endre dei gjeldande reguleringsplanane for eksisterande E39 på både Vestre og Austre Bokn.

Ved eit eventuelt formelt framlegg om endring av desse planane, må det leggast fram ei løysing som legg vekt på trafikktryggleik samt reduksjon av trafikkstøy for både dei eksisterande og dei nye byggeområda langs den nåverande traseen, slik dei gjeldande planane legg opp til.

I tillegg må det leggast til rette for kollektivterminal i nærleiken av krysset mellom Føresvikvegen og E39, og denne saman med oppgradering av Føresvikvegen med regulert fortau fram til E39 må vera etablert før Rogfast vert sett i drift.

Våren 2013 vart det inngått avtale med Haugaland Kraft om utbygging av breiband for heile kommunen. Avtalen med Haugaland Kraft har ført til at breiband-dekkinga er tilfredsstillande i alle delar av kommunen.

Mobiltelefondekkninga i store delar av kommunen er ikkje tilfredsstillande.

For å sikre at kommunen er attraktiv både i høve til busetjing og næringsutvikling, er utvikling av samferdsel og kommunikasjon ein vesentleg føresetnad.

## 5.6 Landbruks-, - natur og friluftsområder samt reindrift (LNFR)

Samla er det regulert ca. 40 200 dekar til LNF-føremål i kommuneplanen. Landareal i kommuneplanen utgjer ca. 50 275 daa og dermed utgjer LNF-føremål i kommuneplanen om lag 80% av landareala i kommuneplanen. LNFR-formålet vert nytta for å sikre område for landbruksproduksjon, samt naturkvalitetar og friluftsliv.

I tillegg til arealføremålet er lagt inn nokre omsynssoner. Disse sonene er sett med bakgrunn i at dei har viktige landbruks- og/eller kulturlandskapsverdiar eller vesentlege friluftsliv- og/eller naturverdiar.

## Landbruk

Bokn kommune har et rikt og variert landbruk som er ein stor ressurs for kommunen. Næringslivet i Bokn kommune har tradisjonelt vore basert på fiskeri og landbruk

Talet på aktive gardsbruk har gått noko ned i Bokn som i landet totalt. Men, drifta av jordbruksareal i kommunen er framifrå og landskapsbiletet er prega av veldrivne areal og høg beiteintensitet. Entusiasmen og motivasjonen i næringa er god. Dei som driv 100 % landbruksretta næring har eit genuint ynskje om nettopp dette.

Landbruket spelar framleis ei viktig rolle som forvaltar av kulturlandskapet, også i Bokn. Som bidragsytar til ei god folkehelse er landbruket si forvaltning av kulturlandskap viktig for alle innbyggjarar i ein kommune og det er difor viktig å leggje til rette for at dette arbeidet kan halda fram.

Omsynssone kjerneområde landbruk, slik dei er definerte i gjeldande plankart, er framleis representative og ein ser ikkje behov for å justere grensene

### Viktige landbruksområde

De viktigaste landbruksområda i kommunen er i arealdelen sett av til LNFR-område med omsynssone; kjerneområde landbruk. Denne omsynssona skal ta vare på dei ulike interessene innafor sona og omsynssona omfattar dei viktigaste matproduserande areala, kulturlandskaps-områda og viktige skogområde. Målsetjinga slik den er definert i samfunnsdelen:

- Å oppretthalde busetnaden i alle deler av kommunen
- Å ivareta landbruksomsyn i arealdisponering i utbyggings- og byggesaker
- Å, i størst mogleg grad, ta vare på alt jordbruksareal

### Sentrumsnært landbruk

Mellom Føresvik og Alvestadkroken ligg det i dag verdifullt landbruksareal i god drift. Ut frå strategien om å utvikle det eksisterande sentrum i Føresvik «innanfrå og utover», vil dette arealet før eller sidan stå i fare for å bli bygt ned. I arbeidet med revisjon av arealdelen er det lagt vekt på å utvide kommunesenteret ved å leggje dei nye bustadareala på uproduktivt areal nær opp til den eksisterande busetnaden.



Foto: Hans Faye

### **Spreidd bustadbygging**

LNFR område med løyve til spreidd bustadbygging er merkt av i plankartet og det er gitt føresegner og retningslinjer knytt til desse areala. LNFR-spreidd bustadbygging er viktig for å legge til rette for utvikling av alle deler av kommunen.

Det aktive landbruket må ha eit omfang som gir grunnlag for økonomisk berekraft og for eit godt fagmiljø. I tillegg må det i alle delar av kommunen vera busetnad som gjev grunnlag for eit sosialt miljø.

Målsettinga er difor å oppretthalde busetnaden i alle deler av kommunen, men dette må sjølvstøtt vegast opp mot eventuell problem knytt til landbruksdrifta. Konsekvensar knytt til sosial og teknisk infrastruktur må også vurderast.

I framlegget til ny plan er det lagt opp til at det skal kunne byggast inntil 10 bustadhus som spreidd busetnad i LNF-områda, dersom tilhøva etter nærare vurdering ligg til rette for det.

### **Friluftsliv**

Bokn har ei fantastisk natur og byr på fleire naturopplevingar.

I Bokn kommune finst store landareal der det er mogeleg å utøve friluftsliv, dette er utmarksareal som i all hovudsak ligg innafør LNFR-føremålet. De store utmarksareala representerer store verdiar som ålment tilgjengelege friluftsområde, både til generelt friluftsliv, fiske og til trening for innbygarane i Bokn.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Av Naturbase.no går det fram at det er 5 område som er registeret som statleg sikra friluftsområde.

Dei statleg sikra friluftsområda er avsett til føremål friområde (Ognøy), LNF (parkering til Boknafjellet og ved Vatnalandsvatnet, samt turområde sør for Hognåsen), samt detaljregulert til friluftsområde på land og i sjø (Nordre Vågholmen). Vidare er det avsett 17 område med omsynssone friluftsliv. Desse er vidareført uendra i den nye reviderte kommuneplanen.

Friluftsliv i Bokn inkluderer for mange bruk av sjøen og båtliv. Tilgang til sjøen, tilgang til båt, fiske, hummarfiske m.m er sentralt i friluftslivet. Turløyper er godt etablert på Austre og Vestre Bokn og nyttast av mange. Lyssetting av ein tursti har vore eit populært tiltak. På Boknafjellet har kommunen lagt til rette med utsiktsplass for blinde og svaksynte. Det regulert trase for kyststi mellom Føresvik og Alvestadkroken – som truleg ville bli populær rundtur. Friluftsrådet har tilrettelagt Ognahavn for båt og bilturistar, og har lagt ut fortøyingsbøye i Loden.

Det er ingen konflikt knytt til etablerte turløyper.

I tillegg til den turløypa som allereie er regulert i strandsona mellom Føresvik og Alvestadkroken, viser planframlegget nytt friareal der det er mogeleg å etablere tiltak knytt til friluftaktivitetar ved Boknabergvatnet (innsepel nr. 32)

Det er det vist turløype fram til dagsturhytta i Kongshamn, og det bør seinare vurderast om det er mogeleg og ynskjeleg å etablere ei turløype rundt Boknabergsvatnet knytt til opparbeidinga av friområdet.

Hausten 2022 vart det etablert dagsturhytte på Kongshavn, som eit viktig lågterskeltilbod for aktivt friluftsliv.

### **Strandsona**

Bokn kommune har ei kystline på heile 130 kilometer på Austre og Vestre Bokn, samt Ognøy. I tillegg kjem strandsona på holmar og skjer som det er mange av i kommunen. Verdiane knytt til strandsona er omfattande og inkluderer mellom anna friluftssinteresser, landbruksinteresser, fiskeriinteresser, biologisk mangfald, kultur og historie, næringsinteresser, bustad- og fritidsbygg og samferdsel. Når det gjelder spørsmål om forvaltning og bruk strandsonareala i kommunen, så er det viktig å vurdere alle desse interessene opp mot kvarandre, og at omsynet til fri ferdsel i strandsona vert lagt særleg vekt på.

Tiltak i strandsona er eit vedvarande tema der kommunen ynskjer ein meir liberal praksis enn sentrale styresmakter. Sentrale avgrensingar opplevast ikkje å passe til lokale ønsker, tradisjon og identitet. Tilgang til båt plass eller kai er for mange viktig, og medfører at naust vert omsett for høgare priser enn bustadhus.

I arbeidet med revidering av kommuneplanen er det lagt stor vekt på å ta vare på verdiane i strandsona, mellom anna ved i føre vidare den funksjonelle strandsona som ligg i den gjeldande planen.

### **Funksjonell strandsona**

I arbeidet med den gjeldande arealdelen til kommuneplanen vart det registrert funksjonell strandsona.

Desse registreringane er ikkje justert i samband med revidering av planen, men i føresegnene er presisert at ved utarbeiding av reguleringsplanar som opnar for bygging i den

funksjonelle strandsona, skal det leggjast spesiell vekt på dei omsyn den funksjonelle strandsona er meint å ta vare på.

### **Bygging i strandsona**

Oppføring av bygg og anlegg i strandsona skal som hovudregel vere planavklåra. I allereie utbygde område utan reguleringsplan bør fortetting kunne gjerast som dispensasjonssak etter nærare vurdering.

### **Naturområde, flora og fauna**

Bokn kommune har naturområde med stor lokal, regional og nasjonal verdi. Innanfor desse naturområda finns eit særeiga plante- og dyreliv, mellom anna større område med kystlynghei, som er registrert som svært viktige i Naturbase.no. Ognøy er i den same basen registrert som verdifullt naturlandskap.

Store deler av naturen i Bokn er i større eller mindre grad påverka av kultur. Historisk sett har beite og slått vore de viktigaste påverknadsfaktorane. Bokn har stor variasjon i vegetasjon og naturtypar, men også et rikt og variert fugleliv. Kommunen har ei lang kystline med mange viktige områder for sjøfugl. Det er oppretta to naturreservat for å sikre viktige leveområde for fugl. Men kommunen har også mange våtmarks- og kulturlandskapsområde som er viktig for fugl både under hekking og trekk. Bokn er også eit sentralt område for havørn. Det er eit mål at Bokn kommune til ei kvar tid skal ha eit oppdatert oversyn over verdier knytt til naturmangfald, og at denne kunnskapen skal være lett tilgjengeleg for planleggarar, sakshandsamarar og befolkning generelt. Alle kjente område som er registrert som svært viktig eller viktige naturtypar i naturbasen er vist i plankart med omsynssone bevaring naturmiljø (560).

### **Verna område**

Med bakgrunn i at det finst område med både regional- og nasjonal verneverdi i Bokn kommune, er to område verne etter [Naturmangfaldlova](#) og statleg sikra mot inngrep. Dette gjeld Brennevinskjæret og Nautøy og desse verneområda vert vist i kommuneplankartet.

### **Vatn og vassdrag**

Det finns fleire fiskerike vatn og vassdrag i kommunen.

Kommunen sine vatn- og vassdrag har stor økologisk verdi, samt stor verdi for friluftsliv, næringsliv, kommunen si vassforsyning. Vassdrag med bekker og vatn samt kantsona rundt vassdraga har samla sett en stor verdi og må takast vare på gjennom heilskapleg forvaltning.

I føresegnene til planen er lagt inn forbod mot å lukke eksisterande bekker, likeins at det ved utbyggingstiltak skal vurderast å opne opp bekker som tidlegare er lagt i røyr.



I samband med planlegging eller utbygging, må eventuelle bekker som er lagt i røyr som vert råka av planen eller byggetiltaket, registrerast som grunnlag for vurderinga. I føresegnene er det sett forbod mot tiltak i 50-metersbeltet langs viktige vatn

### 5.7 Områder for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner

#### Generelt

Arealkategorien; Bruk- og vern av sjø og vassdrag omfattar alle dei «blå» areala i kommuneplanen, samt strandsona. Kommunen har ei variert og mangfaldig kystsoner med regionale/nasjonale verdiar knytt til tema som havbruk, fiskeri, friluftsliv, kultur og historie, reiseliv, sjøvegs transport og natur/miljø.

#### Kystsoner

Kystsoner omfattar sjøområda avgrensa mot land av kystkonturen. Kystkonturen er grensa mellom land og sjø som er definert gjennom målingar av høgvasstand over tid. Kystkonturen er også nedre avgrensing av strandsoner.

Kystsoner er svært verdifull og attraktiv for rekreasjon og næringsverksemd, men den er samstundes svært sårbar. Det er eit stort press på sjøareal, ulike interesser konkurrerer ofte om dei same områda. Samstundes finst det store biologiske, kulturelle og landskapsmessige kvalitetar i kystsoner som det er viktig å ta vare på. Grundig planlegging er difor ein føresetnad for at menneskeleg aktivitet i så lita grad som mogeleg skal verke negativt på kystsoner og livet i havet.

Det er viktig at forvaltninga av sjøområda er føreseieleg og at ulike næringar og friluftsliv ikkje vert sett i konflikt med kvarandre.

#### Fiskeri og havbruk

Bokn kommune har tradisjonelt vore ein viktig fiskerikommune med både større og mindre bruk. Framleis står fiskeria på Bokn sterkt med ei fin blanding av unge som satsar på ei framtid innaføre denne næringa i tillegg til godt etablerte fiskarar som arbeider aktivt og har store planar for å utvikla næring si. Havbruksnæringa og fiskeria representerer viktige arbeidsplassar i kommunen, og det er få konflikter knytt til desse verksemdene. Staten har frå 2016 oppretta eit Havbruksfond, noko som gjer at kommunane vil få tildelt midlar frå dette fondet i høve til dei anlegga kommunen har når det gjeld oppdrett. Bokn kommune er i 2022 tildelt om lag 9,5 mill. kroner frå dette fondet.

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det formulert fylgjande målsetting for næringsverksemd knytt til fiskeri og havbruk:

- Å leggje til rette for utviding av eksisterande og nye lokalitetar
- Å sikre fleksibilitet i arealbruk i kommunen sine sjø -og landområde
- Å sikre balanse i avsettingar av areal i sjø (havbruk) og vern av viktige fiskeriplassar

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

- Å frigjere areal til produksjon av varer og tenester til næringa
- Å iverksette grundig vurdering av areal avsett til trålarfelt og låssettingsplassar

I den gjeldande kommuneplanen er det avsett 8 område til akvakulturføremål, der 4 er spesifisert for matfisk og 3 spesifisert for skjel/ botnkultur. I forslag til ny kommuneplan er det framleis 8 område avsett til akvakultur, der av 5 spesifisert for matfisk og 3 til skjel/ botnkultur.



Foto: Tom – Inge Aksdal

Bokn kommune har 5 godkjente lokalitetar for akvakultur:

- \* Lauplandsholmen
- \* Hognaland og Trosnavåg (settefisk)
- \* Tollaksholmen (stamfisk)
- \* Nautøya (kamskjell)
- \* Låderskjera (p.t. ein mellombels lokalitet laks i sjø)

Storparten av dei tilsette i akvakulturnæringa i Bokn i dag har bustadadresse i Bokn. Grieg Seafood si verksemd skaper mange arbeidsplassar og sørger for god skatteinngong til kommunen.

Innaføre fiskerinæringa er det pr. 26.07.2022 totalt 20 personar som er registrert i fiskarmanntalet (Blad B) i Bokn i dag. Næringa sjølv viser til positivitet i bransjen, men er tydelege på utfordringane knytt til press på sjøareala rundt Bokn og nærliggjande kommunar.

For å ivareta dei ulike interessene (fiskeri vs. havbruk) vil det vera viktig å sikre kunnskap om kor vidt delar av avsette kaste og låssettingsplassar i framtida kan nyttast til havbruksføremål.

I framlegget til ny arealdel er det ikkje vist nye område for akvakultur, men utviding og endring av bruk av eit område (innspel nr 17), samt flytting av eit eksisterande område( innspel nr. 43).

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Område for akvakultur er plassert der det er gode tilhøve for det og der det ikkje er nokon vesentlege interessekonfliktar.

I planen vert akvakulturområda vist som Akvakultur (6400) med undernemning AKV-M Akvakultur – matfiske og AKV-S/B Akvakultur - skjell/bunnkultur.

Føresegnene knytt til arealdelen av kommuneplanen angir nærare kva rammer som gjeld for sjøområda, samt dei einskilde områda som er sett av til akvakultur m/fortøying. Kvart einskild område er nummerert.

### Gytefelt

Av offentlege nettsider/databasar går det mellom anna fram at Boknasundet er registrert som eit gytefelt for kysttorsk.

Dette er det lagt vekt på ved vurdering av nye tiltak i sjø, men etter nøye vurdering er det ved revisjon av planen tillate flytting av eit akvakulturanlegg (innspel nr. 43) og etablering av ny småbåthamn knytt til den eksisterande campingplassen på Øyren (innspel nr.35)

### Naturmangfald

Av Naturbase.no går det fram at Bokn kommune har mange viktige registreringar av område med skjelsand, større tareførekomstar, ålegrasområde samt blautbotn.

Desse registreringane har vore del av grunnlaget for konsekvensvurdering av nye tiltak, og det er også presisert i føresegnene til planen at desse registreringane skal takast omsyn til ved vurdering av nye tiltak i sjøen.

### Havnivåstigning

Bokn kommune må førebu seg på eit høgare havnivå i framtida. Havnivåstigninga vil føre til at stormflo og bylgjer strekkjer seg lenger inn på land, enn det som er tilfelle i dag. Dette inneber at område som ligg lågt og nær havet, blir liggjande meir utsett til i framtida. I tillegg vil nokre område som i dag ikkje ligg under vatn, kunne bli permanent fløymd over.

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap har gitt ut ein vegleiar for korleis havnivåstigning og stormflo skal handterast i arealplanlegginga.

Om arealdelen i kommuneplanen heiter det:

*«I arealplanleggingen kan kommunen styre ny utbygging og infrastruktur til områder som er mindre utsatt for havnivåstigning, stormflo og bølgepåvirkning. Når nye arealer skal bygges ut eller endres vesentlig, skal kommunen blant annet fremme samfunnsikkerhet ved å forebygge for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv (§3-1 h i plan- og bygningsloven). I arealplanlegging som omfatter kystnære områder, må det tas hensyn til framtidig havnivåstigning. Temaet bør belyses i alle delene av planprosessen,*

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

på tilsvarende måte som andre temaer som skal vurderes planmessig. Vurderinger på dette plannivået skal identifisere potensiell fare for skade som følge av havnivåstigning, stormflonivå og evt. bølgepåvirkning. Kommunen har ansvaret for å utrede farene og påse at planer for utbygging tilfredsstiller sikkerhetskravene i plan- og bygningsloven og TEK10. Kommunen bør avdekke om det finnes bygninger, anlegg, veier, annen infrastruktur osv. som kan bli utsatt for konsekvensene Stormflo i Fredrikstad. Foto: Ole Petter Skallebakke, Fredrikstad kommune. Havnivåstigning og stormflo i planlegging DSB TEMA / Havnivåstigning og stormflo 21 av havnivåstigning. ROS-analyser som utarbeides i forbindelse med ny eller endret bruk av arealer, følger reglene i plan- og bygningsloven § 4-3. Plannivået avgjør hvor detaljert og omfattende analysen skal være. For å identifisere potensiell fare for oversvømmelse, utarbeides aktsomhetskart som viser det største arealet som kan bli oversvømt i framtiden. På bakgrunn av analysen, kan kommunen vurdere forhold og konsekvenser av både dagens og framtidens havnivåstigning, stormflo og evt. bølgepåvirkning. Der kartlegging avdekker spesielt utsatte områder, kan kommunen markere området som hensynssone og knytte bestemmelser til sonen, jf. pbl § 11-8 eller vedta generelle bestemmelser, jf. pbl § 11-9. Kommunen som planmyndighet kan omregulere arealer. Det vil si at kommunen står fritt til å vurdere arealbruken i et område og for eksempel ta opp gamle planer til vurdering og omregulere dersom hensyn tilsier det. Dette kan for eksempel være på grunn av ny informasjon eller nye data om havnivåstigning, stormflo eller bølgepåvirkning.»

Av Kartverket.no, -Se havnivå i kart, - går det fram at med havnivået i dag, vil 248 bygningar, 4 km. veg og 0.9 km<sup>2</sup> areal verta fløymde over ved 200 års stormflo. Ved berekna nytt havnivå i 2090, er tilsvarende tal ved 200 års stormflo at 306 bygningar, 5,5 km vegar og 1,37 km<sup>2</sup> areal vil verta fløymde over.

Det er vurdert for omfattande å legge inn aktsemdsområde for stormflo ved framtidig havnivåstigning som omsynssone. I staden er det sett krav i føresegnene om at nybygg ikkje skal leggast lågare enn på cote +2,5 utan at det er føreteke ei konkret vurdering av sannsynet for, og konsekvensane av stormflo ved framtidig havnivåstigning. Dette er tilsvarende som i den gjeldande planen.

## 5.8 Kulturminnevern

Bokn har både naturkvalitetar og ei historie som mange framleis vil lære om og oppleva. Reiselivet profilerer eldre og nyare kulturminne som viktige element i sine opplevingstilbod. Reiselivet i Bokn står ovanfor eit potensial som ikkje er utnytta når det kjem til å leggja til rette for turisme knytt til alt ein har å by på av kulturhistoriske objekt, segn og forteljingar. Kommunestyret godkjente hausten 2020 ein kulturminneplan for Bokn. Hovudmålet med planen er å auka den lokale kompetansen og bevisstgjeringa rundt kulturminne og kva det eigentleg er for noko. Det er også eit mål å sikra at omsynet til kulturminne vert teke vare på i all kommunal arealforvaltning og handsaming av utbyggingssaker. Planen oppsummerer og føreslår eit utval kulturminne basert på viktige historiske trekk i Bokn. Handlingsplanen skal oppdaterast årleg eller seinast annakvart år. Oppdateringa gjev grunnlag for oppfølging med konkrete prosjekt og tiltak for sikring og tilrettelegging av kulturminne. Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Alle faste kulturminne frå før 1537 (reformasjonen i Danmark-Norge), samt alle ståande bygg og anlegg erklært eldre enn 1650, er freda direkte etter kulturminnelova. Automatisk freda kulturminne – bygningar, buplasser, veifar, bautastader, gravhaugar, m.m. – har etter lova ei sikringssone på 5 meter rundt det freda objektet, dersom ikkje anna sikringssone er vedteke.

Mange av dei verneverdige kulturminna har ikkje formelt vern, men vert teke vare på av di dei vert definert som verdfulle ut frå historiske omsyn.

Vern skjer ved å ta i bruk føresegner om omsynssone og eventuelt andre krav i plan- og bygningslova. Kommunen gjer vedtak om vern etter denne lova.

I framlegget til revidering av deler av arealdelen av kommuneplanen er det lagt inn omsynssone for eitt av dei kulturminna som ikkje er automatisk freda.

Dette gjeld Ådnaneset, der det midt på 1800-talet låg ei heil lita grend - nærast som ein liten tettstad. På det meste låg her seks husmannsplassar/strandsitjarplassar her ute, kanskje den tettast busette staden i Bokn då. Dei tri fyrste plassane vart etablert i perioden 1830 til 1840 og den siste kring 1870. På det meste, i 1860-åra, budde her 30 personar som for det meste levde av fiske og sjøfart, men med litt jordbruk kring husa.

I dag står her framleis tre bygningar som vert nytta som feriebusstader. Dessutan finst det ei rekkje husmurar, tufter, gardfar og gammal åkerjord som minne etter denne avfolka busetnaden.

På ein haug litt lenger vest står eit stort dagmerke (varde) reist av Fyrvesenet midt i 1880-åra.

Plan- og byggesaker som ikkje er avklåre i høve til kulturminnelova i reguleringsplan må sendast til kulturminnemyndet for vurdering og fråsegn. Det er viktig at kulturminnemyndet vert trekt inn på et tidleg stadium i planlegginga slik at dei kan kome med innspel som kan hindre konflikter i høve til kulturminneforvaltninga.

## 5.9 Andre tema og problemstillingar

### **Fritidsbusetnad**

Fritidsbusstader har ikkje vore tema for revisjon av arealdelen, men føresegnene er justert slik at talet på fritidsbusstader som kan byggast i dei områda som er sett av til dette føremålet i den gjeldande planen, samt fastsetjing av byggegrense mot sjø, skal vurderast nærare ved utarbeiding av reguleringsplan.

Ved vurdering av byggegrensa, skal det leggjast vekt på å ta vare på dei omsyn som ligg til grunn ved registreringa av den funksjonelle strandsona.

I tillegg til dei ikkje- regulerte areala som er lagt ut til fritidsbusstader i arealdelen til kommuneplanen, er det ei rekkje område som er regulert til fritidsbusstader.

Dei fleste av desse planane er av eldre dato, der felta i all hovudsak er utbygde.

Nærare opplysningar om desse planane finn ein på kommunen si heimeside under vedtektne planar.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

### **Forretningar**

I den gjeldande planen er COOP sin eigedom i Føresvik det einaste område som vart sett av til forretning.

Dette området er seinare teke inn i reguleringsplanen for Holmen -Føresvik sentrum, og er der ein del av eit større areal som er sett av til bustad/forretning/kontor.

Arbeidsgruppa som har vurdert sentrumsutvikling har konkludert med at det må lagast ein stadanalyse for Føresvik sentrum som grunnlag for seinare revisjon av kommuneplanen.

Behovet for forretning for å styrke utviklinga av Føresvik som sentrum i kommunen, vil vere eit naturleg tema knytt til dette arbeidet.

### **Offentleg eller privat tenesteyting**

Dette gjeld område for offentleg administrasjon, skule, barnehage, eldreomsorg, kyrkjer, museum, 1000-års plass, idrettshall og symjehall. Det er ikkje sett av nye areal utover dei områda som er sett av i den tidlegare planen.

### **Fritids- og turistføremål**

Campingplassar og næring knytt til turisme har dette føremålet.

Det er lagt inn eit areal som LNF-spreidd næring på Ognøy, som gjer det mogeleg å bygge 3 utleigehytter som tilleggsnæring til gardsdrifta (innspel nr.33).

I tillegg er det lagt inn eit område for småbåthamn utanfor eksisterande campingplass på Austre Bok (Øyren- innspel nr.35)).

### **Råstoffutvinning**

Steinbrotet på Austre Bokn i Kro er det einaste område på Bokn der det er drift. Dette området som er detaljregulert er vidareført i planen, og det er ikkje sett av nye område til dette føremålet.

Av Norges Geologiske Undersøkelse sitt ressurskart går det fram at det er registrert eit ressursområde for pukkrressursar på Arafjellet vest for Sunnalandsstraumen.

I den gjeldande arealplanen er dette vist som LNF-område med omsynssone bevaring naturmiljø, grunna kystlynghei.

Det er difor lite realistisk at ein pukkrressurs på denne staden kan verta utnytta, og registreringa har difor ikkje ført til endring av arealføremålet i den gjeldande planen.

### **Idrettsanlegg**

Det er ikkje føreteke endringar i høve til tidlegare plan, med unntak av at føresegnene opnar opp for at parkeringsplass knytt til Alvestad Nærmiljøanlegg kan etablerast i arealet vestanfor nærmiljøanlegget etter nærare søknad.

### **Andre typer nærare angitt bebyggelse og anlegg**

Under dette føremålet ligg mellom anna naust og småbåtanlegg.

Planframlegget viser ny småbåthamn ved Øyren, knytt til det arealet på land som er regulert til nausthytter og campingplass (næring turisme – innspel nr,35))

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Det er ikkje lagt inn nye område for dette føremålet, men føresegnene er justert slik at det er mogeleg å fortette eksisterande ikkje regulerte naustområde som delvis er utbygt, utan å gå vegen om reguleringsplan.

### **Grav- og urnelund**

Det er ikkje framlegg om utviding av gravplassen.

### **Samferdsel og teknisk infrastruktur**

Føremålet omfattar vegar, gang/sykkelvegar og farleier. Trasear for farleier på sjøen er overført frå den tidlegare planen. Det er ikkje gjort framlegg av arealdisponering i sjøområde som råkar farleier. Juridiske samferdselslinje er kontrollert opp mot dagens situasjon, og justert med omsyn til status noverande (bygde) og framtidig (ubygde). Nye turvegar er vist i planen.

### **Hamn**

Knarholmen og Alvestadkroken har status som fiskerihamner, medan den tidlegare fiskerihamna i Føresvik har nå status som kommunal småbåthamn.

Den gjeldande kommuneplanen viser ny molo sør for den eksisterande moloen ved Knarholmen.

Djupnetilhøva gjer at etablering av molo på denne staden er utfordrande, og det er mogeleg at plasseringa kjem i konflikt med ny trase for E39.

Moloen er likevel behalde i slik som i den gjeldande planen

Ettersom ferdigstilling av Rogfast ligg i slutten av planhorisonten for den reviderte planen, og trase samt tidsplan for ny E39 ikkje er fastlagt, er det ikkje gjort nærare vurdering av etterbruken av hamna i Arsvågen nå.

Dette bør gjerast ved den neste revisjonen av planen, dersom det då ligg føre avklaring med omsyn til statens sine planar.

### **Ferdsel**

Føremålet er brukt om sjøareal utafor byggeområde naust, brygger og kaiar.

### **Farleier**

Viktige farleier er overført frå den tidlegare planen.

### **Drikkevatt**

I samband med revisjon av arealdelen av kommuneplanen, vart det teke sikte på å få gjort ei grundigare vurdering av behovet for reservevasskjelde for Bokn.

I samband med dette har kommunen vore representert i ei interkommunal gruppe som vurderer ei regional løysing.

Denne gruppa har førebels ikkje konkludert.

Ei eventuell interkommunal løysing vil truleg ligge lang framme i tid før den vert realisert, og kostnadmessig kan den også kanskje vera problematisk.

For å ta høgde for ei lokal løysing er det difor lagt til grunn at Hagavatn framleis må sikrast som reservevasskjelde for kommunen med naudsynt omsynssone.

## **6. Spesielle tema for revisjon av arealdelen**

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

## 6.1 Tiltak for å auke folketalet

### Status – situasjonen i dag

Fram til 2014 hadde Bokn kommune ein samanhengande og stabil auke i folketalet. Frå 2015 peika pila nedover, medan ein no ser ein svak auke i folketalet att.

2.kvartal 2022 er det 853 innbyggjarar i kommunen. Det vart fødd 9 born i kommunen i 2021. Tal frå Statistisk sentralbyrå fortel om ein forventta nedgang i folketal til 827 innbyggjarar i 2030. I 2050 skal likevel talet på boknarar vera oppe i 860 att. Kommunen tek samfunnsutviklinga og planlegginga på alvor og tilrettelegging for auke i folketal har framleis høgste prioritet.

Endra flyttemønster og sterk urbanisering, som eit generelt fenomen, er noko også Bokn kommune lyt ta med i planleggingsarbeidet. For ein liten kommune som Bokn får ein nedgang i folketal større konsekvensar enn i ein stor kommune og tilrettelegging for at familiar med born flyttar hit er avgjerande.

Det er vanskeleg å spå kva konsekvensar Rogfastutbygginga vil få for Bokn, men slik figur nr.8 viser, vil tilleggseffektar av både Rogfast og andre tiltak kunne ha positiv verknad på folketalet i kommunen. Ein føresetnad for auka tilflytting og busetnad er at det finst eit variert tilbod om byggeklare tomter, bustadhus og leiligheiter. I tillegg må ein legge til rette for næringsutvikling og auka verdiskaping lokalt. Ei intensivering av samarbeidet med allereie etablerte bedrifter er viktig samtidig som ein ynskjer nye etableringar velkomne.

Det finst i dag fleire ulike utgreiingar og rapportar som seier noko om kva som skal til for at ungdom flyttar «heim att». Mange av intervjuobjekta svarar at kjensla av at lokalsamfunnet er trygt er sterkt medverkande. Det bekreftar svara frå den uformelle, vesle spørjeundersøkinga som arbeidsgruppa «Folketalsauke» utførte. I tillegg blir kjensla av å høyre til sterkt vektlagt. Ein god barnehage og skule er også av stor betydning. Også på dette punktet får vi bekrefta påstanden i spørjeundersøkinga «Draumeplassen».

Det kjem likevel tydeleg fram, i nasjonale utgreiingar og rapportar, at tilgong til tilpassa bustad og moglegheit for arbeid er det som veg tyngst på vektskåla når alt kjem til alt. Ein kan tross alt ikkje betala rekningar med verken trygghet eller kjensler.

Årsakene til at folk flyttar på seg er mange, men ei hovudårsak er, som nemnd, at ein har eit arbeid å gå til i nærleiken og at ein finn tak over hovudet.

I arbeidet med revideringa av arealdel har ein difor freista stifte kjennskap med potensielle, framtidige næringsetableringar samt lytte til kva som skal til for å få fortgang i etableringane. Kommunen har møtt næringa både under konkrete workshops samt via ei konkret spørjeundersøking der målet var å få enno fleire og utdjupa svar på kva som skal til for at kommunen skal framstå attraktiv for nyetableringar.

### Utfordringar

Kommunen er spådd ein nedgang i folketal i åra som kjem. Det vert fødd færre born i kommunen enn tidlegare. Dette speglar seg i talet på born i skulen. Befolkninga blir eldre, men er ved god helse. Som tidlegare år opplever ein at Bokn kommune har ein høg andel eldre kvinner. Ei aldrande befolkning gjev økonomiske utfordringar ved at utgiftene til å



oppretthalde dagens standard og dekningsgrad i tenestetilbodet vil auke kraftig. Ein større andel av befolkninga vil motta pensjon i plassen for ordinær arbeidsinntekt som inntektskjelde. Det vil bli krevjande å auka skattebyrda for den enkelte. Det bur færre born i låginntektsushaldningar i kommunen enn landsgjennomsnittet, men likevel fleire enn tidlegare år.

Kommunen har framleis eit uavklåra potensiale i realiseringa av det store vegprosjektet Rogfast. Vil realiseringa bety automatisk folketalsauke eller vil ein oppleva at øykommunen vert offer for «korridor-effekten»? Ein korridoreffekt gjer seg utslag i at den antatte auken i trafikken ikkje vil få nemneverdig betydning for kommunen då reisande passerer i enno høgare fart enn tidlegare (ein framtidig 4-felts motorveg bidreg til auka hastigheit). At auka trafikk passerer forbi på framtidige E39 utan verken å sjå innom, fylla drivstoff, handle på butikken eller rett og slett busetje seg, vil vera svært uheldig. Dei uavklåra potensiala kan opplevast hemmande på ulike utviklingsprosessar. Det viktigaste kommunen difor kan gjera, er å leggje til rette for eit framtidsscenario som representerer vekst innaføre samtlege område omtala så langt.

#### **FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I AREALPLANEN**

Arbeidsgruppa som har arbeidd ut frå temaet «Folketalsauke» konkluderte ikkje med konkrete tiltak som får umiddelbare konsekvensar for arealdisponeringa i kommunen. Gruppa konkluderte som følgjer:

##### ***«Som ett prioritert tiltak vil arbeidsgruppen spille inn oppretting av en inkluderingskomite i Bokn kommune.»***

Arbeidsgruppen foreslår at oppgaver for en inkluderingskomite vil være å:

1. I samarbeid med både næringsliv, frivillige organisasjoner og andre tilrettelegge for tiltak som bidrar til å inkludere alle innbyggerne, spesielt de unge. Vi må bry oss om og ta vare på hverandre.
2. Definere tiltak som sikrer at innflyttere blir tatt godt imot og føler seg inkludert. Dette vil være av stor betydning spesielt for de som ikke har kontaktnett på Bokn.
3. Støtte opp om, fremsnakke samt motivere sambygdinge til å benytte tilbudene som er etablert på Bokn. Dette gjelder både butikk, men også andre tjenester. Gjennom tiltak, motivere sambygdinge til å delta aktivt i lag og organisasjoner.
4. Iverksette tiltak som bidrar til at Bokn kommune fremstår som en inkluderende kommune
5. Iverksette tiltak, sammen med både næringsliv, frivillige organisasjoner og andre, som bidrar til at Bokn kommune og dens innbyggere inkluderes på Haugalandet.

Komiteen må være bredt sammensatt av personer fra næringsliv, lag og organisasjoner, politisk og administrativ fra kommunen og andre med brennende hjerte for å gjøre Bokn til en god plass å bo.

Det skal være kjekt på Bokn.»

Med utgangspunkt i svara frå spørjeundersøkinga «Draumeplassen», er det i planframlegget mellom anna lagt inn sentrumsnært bustadareal (innspel nr. 18,22 og 40 alternativ 2, innspel

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

nr.41 og innspel nr.23), friareal (innspel nr.32) og turløyper for å leggje til rette for den auke i folketalet som er den viktigaste føresetnaden for vidareutvikling av kommunen.

Dette må fyljast opp med oppretting av ein inkluderingskomite, slik arbeidsgruppa for folketalsauke har gjort framlegg om.

Det er i føresegner lagt inn føringar om at det ved detaljregulering av dei sentrumsnære bustadområde skal leggjast til rette for ulike brukargrupper, inkludert seniorbustader.

## 6.2 Sentrumsutvikling

### Status – situasjonen i dag

Føresvik er kommunesenter. Her er dei viktigaste fellesfunksjonane samla på eit lite område, ikkje langt frå kaien som tidlegare var viktigaste kollektivterminalen i kommunen.

Kommunen har hatt som målsetjing å utvikla Føresvik – Alvestadkroken som tyngdepunkt i busettingsmønsteret i kommunen. Her skal det vera plankrav, høg arealutnytting og tilbod av ulike bustadtypar som einbustad, konsentrert småhus og leilegheiter i blokk.

Det må leggjast til grunn at denne føresetnaden framleis står ved lag.

I retningslinene til ATP Haugalandet er Føresvik definert som eit områdesenter, der det er føresetnaden at det skal vera tilgang til dei mest vanlege funksjonar i større tettstader utanom regiondelsentre.

Utviklinga er føresett å skje etter prinsippet «innanfrå og utover».

I samsvar med dette prinsippet, og for å gjere det mogeleg å flytte verksemda til Bokn Plast som i dag er til hinder for å gjennomføre den overordna utviklingsstrategien, har kommunen vedteke reguleringsplan for utviding av byggearealet i Føresvik i form av ei utfylling i sjø ved hjelp av steinmassar frå Rogfastutbygginga.

Det er og vedteke reguleringsplan som gjer det mogeleg å flytte verksemda til Bokn Plast til eit nytt utfyllt areal i sjøen ved High Comp.

Områda ved hamna er elles også omfatta av reguleringsplanar, og det gjeld også området ved Boknatun, men store areal elles er vist som eksisterande bustadområde utan regulering. Ein parsell av Føresvikvegen mellom Bokn Arena og hamna, er i dag ikkje regulert, men den vedteke planstrategien for perioden føreset at reguleringsplan for denne vegparsellen skal prioriterast.



Foto: Jardar Havikbotn

### Utfordringar

Styrking av Føresvik si sentrumsrolle, er i dag i ei viss grad hindra av mangel på sentrumsnært areal for bustader, sentrumsfunksjonar og næringsføremål. Plassering av Bokn Plast er også til hinder for å utvikle området med bustader og naturlege sentrumsfunksjonar, og det vil ikkje vera mogeleg å oppfylle intensjonen om å utvikle Føresvik sentrum i samsvar med ATP Haugalandet og den vedtekne planstrategien for kommunen, utan at denne verksemda vert flytta i samsvar med intensjonen i dei vedtekne reguleringsplanane. Realisering av desse planane er mellom anna avhengig av framdrifta av Rogfast-prosjektet.

Sjølv om utfyllinga ved Holmen vert realisert gjennom Rogfastutbygginga, er det ikkje sikkert at området vert byggemodna og utbygt i perioden, slik at det også må takast høgd for dette ved revideringa av kommuneplanen sin arealdel (legge inn eit plan B scenario). Også planlegging av ny E39 og ei eventuell realisering av denne byr på utfordringar i høve til å utvikle Føresvik til å verta eit levande og attraktivt sentrum for kommunen, med variert busetnad og naturlege sentrumsfunksjonar i samsvar med vedtekne overordna arealplanstrategiar.

Sjølv om det er politisk vedteke at Føresvik si rolle som sentrum skal styrkast, er det ikkje føreteke ei eintydig fastlegging av den geografiske avgrensinga av det området det er tale om, ettersom senteret er omtala som Føresvik- Alvestadkroken. Det ligg heller ikkje føre ein overordna utbyggingsstrategi og plan knytt til tekniske anlegg for område

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

## FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I AREALPLANEN

Arbeidsgruppa som i samfunnsdelen såg på tiltak for tettstadsutvikling, viste til fylgjande viktige grep for å oppnå målet:

### «De 10 viktigste grepene for tettstadsutvikling»

1. Skap samspill mellom funksjoner
2. Bygg mange nye attraktive, sentrumsnære boliger
3. Økt fokus på folkehelse ved utvikling av sosiale møtesteder - og satsing på kultur
4. Plasser barnehager, skoler og universiteter i sentrum
5. Transformer bygninger og parkeringsplasser til nye formål
6. Synliggjør kulturarv og kulturmiljøer
7. Utvikle sjøsider og elvebredder med nye bygninger, parker og plasser
8. Skap bedre tilgjengelighet for buss, sykkel og til fots
9. Skap dialog og klima for investering mellom nærings-, eiendoms- og offentlige aktører
10. Politisk vilje



Kilde: Michael Füller-Gee – på konferanse om regional plan 17. februar 2014.

I planprogrammet er det mellom anna på bakgrunn av dette, lagt fylgjande til grunn for det vidare utgreiingsarbeidet:

«Som utgangspunkt for arbeidet med utvikling av Føresvik som kommunesenter, bør det føretakast ei drøfting av kva geografisk område det er tale om. Denne grensefastsetjinga bør baserast på ein stadanalyse og ein visjon for korleis ein ynskjer at Føresvik skal stå fram i eit lengre perspektiv, og beskrive dette framtidsbiletet verbalt eller visuelt.

Visjonsskisser,- kanskje i fleire alternativ, - i starten av arbeidet kan bidra til å skape engasjement og debatt som igjen kan føre til at det kjem viktige innspel til det vidare arbeidet med planen.

Dette gjeld også i høve til medverknad frå born- og unge, der innspel i form av t.d. eit prosjektarbeid i skulen kan gje nyttige bidrag til arbeidet med planen.

Stadanalyse (/samfunnsanalyse) kan også vera eit godt grunnlag for seinare konkrete framlegg til plan og tiltak.

Stadanalyse har vore definert som «ei systematisering av kunnskap for å forstå staden sin situasjon og framtidsmogelegheiter».

Som ei fyrste oppfylgning av konkrete planar knytt til visjonane og stadanalysen, bør det lagast ein enkel overordna plan for infrastrukturen som best nyttar ut dei grunnlagsinvesteringane i form av tekniske anlegg som kommunen allereie har bygt i området.»

Med brev dagsett 17.12.2020 fekk Bokn kommune saman med fleire andre kommunar, invitasjon frå Rogaland fylkeskommune til å delta i prosjektet «Attraktive tettsteder i distriktene, fase 2».

Oppsummeringa frå arbeidet i arbeidsgruppa Sentrumsutvikling sa at det vil vera naudsynt å no få gjennomført den mykje omtala stadanalysen for Føresvik.

Kommunestyret vedtok 15.03.2022 å sende søknad om midlar frå dette prosjektet for å få gjennomført ein tettstadsanalyse som grunnlag for arbeidet med å lage ein plan for å styrke Føresvik som sentrum.

Kommunen vart i brev dagsett 27.04.22 tildelt kr. 1 000 000,- til føremålet.

Stadanalysen vart ikkje sett i gong tidsnok til å fungere som kunnskapsgrunnlag for pågåande planarbeid slik som det opphavleg var tenkt. Kommuneplanlegging er ein kontinuerleg prosess, og som kunnskapsgrunnlag for vidareutvikling av kommunen, er likevel stadanalysen heilt sentral uavhengig av pågåande planarbeid

I det framlegget til ny kommuneplan som nå ligg føre, er det teke omsyn til dei tilrådingane som kjem fram av samfunnsdelen, mellom anna ved at det vert lagt ut nytt sentrumsnært bustadareal.

Framlegget til ny kommuneplan viser difor nytt bustadareal på vestsida av Føresvik,- (justert innspel nr. 18,22,40 og innspel nr. 41), - og dette vil kunne gje plass til ca.50 bueiningar.

I tillegg er det gitt rom for ei mindre utviding av eit eksisterande byggeområde sørvest for Føresvik (innspel nr. 23).

Ut frå omsynet til å ta vare på dei gode jordbruksareala sør for Føresvik, er det det gitt avslag på eit innspel om omdisponering av deler av dette til bustadføremål.

Strategi for vidare sentrumsutviding mot sør bør bygge på den framtidige stadanalysen når denne ligg føre.



Foto: Armand Svendsen

### 6.3 Bustadbygging

#### Status – situasjonen i dag

Av planstrategidokumentet som vart vedteke av kommunestyret den 13.12.2016 som sak 068/16, heiter det når det gjeld bustadbygging:

Om kommunen sine planbehov heiter det i pkt. 2.6:

*«Bustadareal på kommunenivå*

*Kommunen vil utvikla Føresvik – Alvestadkroken som tyngdepunkt i busettingsmønsteret i kommunen. Her skal det vera plankrav, høg arealutnytting og tilbod av ulike bustadtypar som einestad, konsentrert småhus og leiligheter i blokk. Kommunen ynskjer samstundes at det skal vera mogleg å få byggja bustad i heile kommunen.*

*Det er behov for å vurdera arealbruken på nytt i område som er lagt ut til bustadføremål, men ikkje tilrettelagde. Bustadbyggeprogrammet skal brukast aktivt for å vera i forkant med behandling av nye planar og byggeløyver.»*

*Spreidd bustadbygging skal utgjera ein del av kommunen sitt bustadbyggeprogram»*

Den nye planstrategien for perioden 2019 – 2023 legg opp til at bustadbygging skal vera eit tema ved revisjon av arealdelen av kommuneplanen, men inneheld elles inga endring i høve til dei føringane som ligg i den førre planstrategien.

I samband med den justering av føresegnene til arealdelen av kommuneplanen som vart gjort i 2018, vart tre bustadområde vest for Føresvik tekne ut av planen.

Reguleringsplan for å utvida Føresvik sentrum på Holmen og på fylling i sjø aust og nord for Holmen, som skal erstatte dei tre områda som vart tekne ut av planen, er ferdig og stadfest av kommunestyret.

Utover dette er situasjonen med omsyn til avsette bustadområde uendra, men potensialet for bygging på dei avsette områda er ikkje oppdatert.

Arbeidet med å lage eit bustadbyggeprogram vart sett i gong i samband med den justeringa av planen med føresegner som vart gjort i 2018, men arbeidet vart ikkje fullført.

I samfunnsdelen for kommuneplanen er prioritering av folkevekst og bulyst sett som eit av dei prioriterte satsingsområda.

#### Utfordringar

Kommunen har som målsetjing å leggje til rette for auke i folketalet, mellom anna gjennom å kunne tilby attraktive tomter for ulike kategoriar bustader.

Det er i samfunnsdelen føresett at kommunen skal konsentrere eigen innsats om å utvikle Føresvik som sentrum i Bokn kommune, men at det samstundes vert mogeleg for private aktørar å utvikle område utafor sentrum til bustadføremål.

Det siste kan innebære ein konflikt m.a. i høve til målsetjinga om å vidareutvikle Føresvik sin sentrumsfunksjon.

Kommunen si rolle vil også i stor grad vera avgrensa til planhandsaming og anlegg av hovudinfrastruktur, og i mindre grad knytt til byggemodning og sal av tomter.

Også gjennom utvikling av eit bustadbyggeprogram, vil kommunen sin styringsfunksjon vera avgrensa, så lenge utvikling og sal av tomter skjer i privat regi.

Tradisjonelt har Bokn kommune hatt eit relativt stort innslag av spreidd busetnad, og det har vore eit politisk ynskje å vidareføre dette, mellom anna av omsyn til å halde oppe busetnaden i alle deler av kommunen for slik å leggje til rette for levande bygder.

Dette kan vera konfliktfylt, mellom anna i høve til ynsket om å hindre nedbygging av landbruksjord.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

På den andre sida, er også landbruket si framtid avhengig av at born og vaksne finn det attraktivt å bu i dei delane av kommunen der gardane ligg, og eit levande lokalsamfunn vil bidra til at nye generasjonar vil føre gardsdrifta vidare.

## FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I AREALPLANEN

Som utgangspunkt for vurdering av behovet for nye bustadareal, er oversynet over tomtepotensialet innafor den gjeldande planen oppdatert. Dette oversynet er ikkje ein del av planen, men eit vedlegg til denne. Vedlegget har inga juridisk verknad. Av dette oversynet går det fram at det i dag er eit potensiale for bygging av ca.300 bustadeiningar innafor det arealet som er sett av til bustadføremål i den gjeldande planen. Størstedelen av desse er ikkje byggeklare, og hovudtyngda er i privat eige, slik at kommunen har lite styring med utbyggingstakt m.v. Ein del kan heller ikkje reknast som fritt omsettelege, ettersom eigarane ynskjer å nytte desse til familiemedlemer.

Oversynet over potensialet innafor gjeldande plan, inkluderer også tomtearealet på den påtenkte utfyllinga i sjøen aust for Føresvik, og realisering av dette prosjektet er mellom anna avhengig av tilførsle av fyllingsmassar frå Rogfast utbygginga. Det er såleis lite truleg at dette utbyggingspotensialet kan utnyttast innanfor tidshorisonten for planen. Det er difor føreteke ei behovsvurdering, basert på ulike utviklingsscenarier, mellom anna i høve til tidspunkt for gjennomføring av Rogfast og ny E39. Basert på desse vurderingane, er det lagt til grunn at folketalet i Bokn i 2035 vil vera på om lag 1000 innbyggjarar.

Omsynet til arealstrategien som føreset at Føresvik skal utviklast etter prinsippet «innanfrå og ut», tilseier at det må setjast av naudsynt areal til bustadføremål nær opp til dei nåverande byggeareala ved Føresvik, slik at også den eksisterande infrastrukturen i form av veg og vass- og avlaupssystem kan utnyttast. Framlegget til ny plan viser difor nytt bustadareal på vestsida av Føresvik,- (justert innspel nr. 18,22,40 og innspel nr. 41), - og dette vil kunne gje plass til ca.50 bueiningar. I tillegg er det gitt rom for ei mindre utviding av eit eksisterande byggeområde sørvest for Føresvik (innspel nr. 23).

I arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen går det mellom anna fylgjande fram av utgreiinga til arbeidsgruppe som vurderte bustadbygging:

«Kommunen har i dag ei til dels spreidd satsing på å utvikle ulike område i kommunen. Sett i lys av avgrensa økonomiske og administrative ressursar bør kommunen konsentrere eigen innsats om sentrumsutvikling. Kommunen bør likevel legge til rette for at private føretak og privatpersonar i eigen regi kan utvikle eller bygge i andre områder i kommunen.»

Mellom anna med utgangspunkt i dette, er det i planframlegget vist ei mindre utviding av byggefeltet Vågaheia på Austre Bokn (innspel nr.3).

Vurdering av tomtebehov kunne vore gjort som del av ferdigstilling av bustadprogrammet, men styringsfunksjonen gjennom eit slikt program er avgrensa dersom kommunen ikkje eig dei areala som er lagt ut til bustadføremål.

Arbeidsgruppa har og peikt på at kommunen må vera pådrivar for at det skal finnast bustadar i minst 4 kategoriar i kommunen:

- Leilegheit 1, normal standard, innstegsmodell
- Leilegheit 2, høgare standard, livslaup, par, seniorar

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

- Einebustad, innstegsmodell
- Einebustad, høgare standard

Det er lagt inn i føresegnene at dette må vurderast nærare ved detaljregulering av bustadareala.

Det er gjort ei mindre, uformell kartlegging av kva som kan vera drafaktorar for at Bokn vert valt som bustadkommune framfor andre alternativ: Spørjeundersøkinga «Draumeplassen» i regi av Folketalsutviklingsgruppa. Spørjeundersøkinga viste at faktorar som at det er trygge og gode butilhøve i kommunen, at kommunen har ein god skule, at ein har god utsikt og at ein kan bu nært på sjøen scorar høgt. Det er også av betydning at ein kan bu nært på barnehage, skule og fritidstilbod.

Når det gjeld vurdering av spreidd bustadbygging, er det vedteke å behalde kjerneområda landbruk som ligg i gjeldande plan, men det er opna opp for bygging av eit nærare fastsett tal på spreidde bustadeiningar i kommunen i planperioden.

For å styrke landbruket og turistnæringa sine vilkår, er det også opna opp for bygging av og tilrettelegging for gardshytter i eit avgrensa omfang med tanke på «Inn på tunet» - verksemd og gardsturisme (innspel nr.34).

#### 6.4 Næring

##### Status – situasjonen i dag

Næringslivet i Bokn kommune har tradisjonelt vore basert på fiskeri og landbruk. Drifta av jordbruksareal i kommunen er framifrå og landskapsbiletet er prega av veldrivne areal og høg beiteintensitet. Entusiasmen og motivasjonen i næringa er god.

Også fiskeria på Bokn står sterkt med ei fin blanding av unge som satsar på ei framtid innaføre denne næringa i tillegg til godt etablerte fiskarar som arbeider aktivt og har utviklingsplanar Havbruksnæringa og fiskeria representerer viktige arbeidsplassar i kommunen. Primærnæringane representerer framleis hovudinntektskjelda til fleire av innbyggjarane i kommunen, men langt på veg dei fleste er likevel sysselsette i til dømes industri og servicenæringar.

Størst er sysselsettinga innaføre helse/sosialtenester, sjøtransport, jordbruk, bygg og anlegg og utvinning av råolje og naturgass. Innaføre helse-/sosialtenester, detaljhandel og olje/gassverksemd har det dei seinare åra vore auka sysselsetting blant kommunen sine innbyggjarar.

Turisme sett i system, trass attraksjonane som finst i kommunen, er ei lite utvikla næring i Bokn i dag. Turistattraksjonane (produkta) er primært knytt til kulturhistoriske stader og installasjonar der besøkjande gjer seg nytte av produktet gratis. Samfunnstrendane tilseier at det er stort potensiale i gardsturisme og gardshytter i kommunen. Planprogrammet og revideringa av arealdelen legg opp til å leggje til rette for å fremje av denne type etableringar.

Bokn kommune har ei låg registrert arbeidsløyse trass den uheldige situasjonen ein står i grunna korona – utbrotet våren 2020. Dei nyaste tala frå NAV (31.07 2022) viser så låge tal på heilt og delvis arbeidsledige at tala ikkje vert oppgitt.

Dei seinaste åra har ein registrert fleire nyetableringar lokalt på Bokn, av boknarar. Dette vitnar om tru på at det er potensiale i å driva næring i kommunen. Det er difor av avgjerande betydning å oppmuntre og å leggje til rette for fleire, aktuelle etableringar også i neste planperiode. Det er viktig å leggje for næring som fremjer høg grad av sysselsetting.



Kommunen har ein viktig posisjon som den største sysselsettaren, planmyndigheit og arealforvaltar. Kommunen har difor ei sentral rolle i utviklinga av det lokale næringslivet, mellom anna som tilretteleggjar for utvikling av til dømes infrastruktur og andre drivarar. Det er avgjerande at kommunen møter initiativa frå næringslivet med optimisme, faglegheit og effektiv saksbehandling. For å ta del i framtidig næringsutvikling i regionen er det viktig at kommunen har fokus på gode tenester, god infrastruktur, attraktive stader å bu, moglegheiter for næringsetablering og eit godt omdømme. Per i dag er framleis store deler av områda med arealformål Næringsverksemd og Fritids og turistføremål ikkje regulert.

### Utfordringar

Samfunnsdelen til kommuneplan, revidert i 2019, har næringsutvikling som satsingsområde. Bokn kommune skal vere eit godt vertskap for både industri – og anna etablering. Det skal leggast til rette for at det er god tilgang på hensiktsmessige areal for nyetableringar og vidare vekst for næringslivet. Behov for langsiktig utviding for bedriftene og behov for relokalisering må vektleggjast. Arbeidet for auka satsing på reiselivet skal intensiverast. Areal for reiselivsaktivitetar skal vurderast. Bærekraftige reisemål er etterspurt i markedet. Kommunen har over tid tilrettelagt for næringsutvikling. Gjeldande kommuneplan viser til store areal sett av til føremålet. Mange av desse områda er likevel framleis uregulerte og ein ser at utviklinga tek tid.

Bygginga av Rogfast har vore premissleverandør både når det gjeld politiske vedtak knytt til arealdisponeringar og framtidsvyer, men ein ser at dette store prosjektet også bidreg til ei stagnasjon av utviklinga. Så lenge endeleg trace for framtidig E39 ikkje er endeleg fastsett, legg dette hindringar i vegen for ei vidareutvikling av området Knarholmen totalt sett.

Kommunen har utfordringar med å koma i mål med mellom anna reguleringa for dette området. Det ville vore av stor verdi å få ferdigstilt områdereguleringa slik at ein aktivt kunne motivert og mobilisert for ulike typar næring i det som framleis står fram som Bokn kommune sitt prioriterte næringsutviklingsområde.

I kommunen i dag finn ein eit begrensa antal servicetenester. Potensialet for ny- etableringar er stort. Behovet er særleg uttalt innføre sveise-tenester, landbruksmekanikk, dykketenester, catering og losji, teknisk relatert tenester, IT – tenester med meir. Ei av tenestene med stor betydning for heile samfunnet, men også spesifikt relatert til næringslivet, er nærbutikken i Føresvik. Denne er med på å definere Føresvik som sentrum for vidare utvikling. Det vil vera av avgjerande betydning at boknarane får behalda butikken sin.

For fiskerinæringa er rekruttering ei av hovedutfordringane som fylgje av høge prisar ved kjøp av konsesjonar, båtar og utstyr. Dette gjer det vanskeleg for ungdom å etablere seg og utvikla næringa. Trass optimisme og positiv tilvekst i Bokn, gjer denne utfordringa seg generelt gjeldande også for Bokn.

For havbruksnæringa knyter utfordringane seg primært til moglegheitene for å frigjera areal til framtidige lokalitetar – både for å skapa vekst for næringa, men også for å ha tilgang til alternative lokalitetar for dagens anlegg.

I tillegg vil det vera naudsynt å vurdere forureiningsproblematikk knytt til havbruksnæringa. Det er og viktig å halde seg orientert om innovative nyvinningar innføre desse næringane ettersom avsetting av lokalitetar både lenger til havs, men og på land (havbruk/ akvakulturnæringa) vil få stor betydning i framtida.

Det er per i dag få overnattingsmoglegheiter i kommunen. Med Rogfast, og den antatte auken i reisande mellom Bergen og Stavanger, er potensialet for nyetableringar som til dømes småorbuer og andre liknande tilbod innan gardsturisme, absolutt tilstades.

Det finst ulike attraksjonar i kommunen i dag. Tilgangen til fylgjetenester (parkering, toalett m.m) er begrensa. Dette bør vidareutviklast.

## FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I AREALPLANEN

Grieg Seafood si verksemd skaper mange arbeidsplassar og sørgjer for god skatteinngong til kommunen, og planframlegget tar sikte på å sikre at denne verksemda kan oppretthaldast og utviklast vidare.

Dette er gjort ved at planframlegget gjer det mogeleg å utvide det eksisterande settefiskanlegget i Trosnavåg (innspel nr. 26), og ved at det er vist utviding og endring av eksisterande akvakultur for skjel- og botnkultur ved Ognøy til generell akvakultur /innspel nr.47)

I tillegg er det vist flytting og utviding av areal for akvakulturanlegg Fløysund/Krohollen (innspel nr. 43).

Planframlegget viser også utviding av næringsområde Knarholmen Sør (innspel nr. 39), som mellom anna gjer det mogeleg å etablere næringsverksemd her utan at dette kjem i konflikt med trase for framtidig E39.

Ut frå at turisme er vurdert som eit satsingsområde, er det lagt opp til at det kan etablerast utleigehytter knytt til eksisterande landbruksdrift (innspel nr.34), og småbåthamn knytt til eksisterande campingplass på Austre Bokn (innspel nr.35).

Kjerneområde landbruk som ligg i den gjeldande planen er ført vidare, for å sikre landbruksnæringa.

Fiskerinæringa sine interesser er lagt vekt på ved vurdering av bruk av sjøareala, for å unngå konflikt, mellom anna ved at areal for kaste- og låssettingsplasser er vidareført i høve til den gjeldande planen.

### 7. Innspel til planarbeidet

I samband med oppstart av planarbeidet blei innbyggjarar og andre inviterte til å kome med innspel til ny eller endra disponering av areal. Det vart utarbeidd eit eige digitalt oppsett for dette slik at ein sikra konsekvent informasjonsoverføring mellom forslagsstillar og kommune. Det kom totalt inn 32 innspel. Konsekvensutgreiingsdokumentet seier meir om dei einskilde innspela som er vurdert å liggja innaføre tema som har vore styrande for revideringa av planen.

### 8. Konsekvensutgreiing

Føresegner om konsekvensutgreiingar

*Frå § 6. i Føresegner om konsekvensutgreiingar les vi:*

*Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding*

*Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding: kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1,*

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

*kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven. Fylkeskommunen er ansvarlig myndighet for regionale planer. Kommunen er ansvarlig myndighet for kommunale planer. Ansvarlig myndighet for planer og tiltak etter bokstav b og c fremgår av vedlegg I. For tiltak etter bokstav b der gjennomføring av tiltaket ikke krever ny plan, er forurensningsmyndigheten ansvarlig myndighet hvis tiltaket krever tillatelse etter forurensningsloven. Hvis en plan etter plan- og bygningsloven endres mellom varsel om oppstart av planarbeidet og utleggelse av planforslag til offentlig ettersyn, og endringen medfører at planen omfattes av første ledd bokstav a eller b, skal planen behandles etter reglene i kapittel 5 og 6. Dette inneber at det må utarbeidast konsekvensvurdering knytt til arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.*

Miljøverndepartementet har laga ein rettleiar for utarbeiding av konsekvensutgreiing knytt til arealdelen. Rettleiareren angir korleis kravet til konsekvensutgreiing skal takast vare på i planarbeidet frå planprogram til planforslag med konsekvensutgreiing. Den gir generelle råd om omfang, detaljeringsnivå, metode og innhald i konsekvensutgreiingar av kommuneplanen sin arealdel.

Konsekvensutgreiinga skal beskrive verknader for miljø og samfunn av alle nye område for utbygging og vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde.

I arbeidet med å vurdere kva tilhøve som skal utgreiast skal det takast utgangspunkt i fylgjande tema som er lista opp i Vedlegg III punkt b) i KU-forskrifta:

*«Forurensning (klimagass, annet utslipp til luft, forurensning av jord og vann)*

*Transportbehov, energiforbruk og -løsningar*

*Kulturminner og kulturmiljø*

*Naturmangfold*

*Landskap*

*Sikring av jordressurser (jordvern)*

*Samisk natur- og kulturgrunnlag*

*Befolkningens helse og helsens fordeling i befolkninga*

*Tilgjengeligheit til uteområder og gang- og sykkelveinett*

*Kriminalitetsforebygging*

*Beredskap og ulykkesrisiko*

*Risiki ved havstigning*

*Barn og unges oppvekstvilkår*

*Der det er relevant skal det gis en beskrivelse av arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet. Lista er ikkje uttømmende. Andre viktige tema er støy, friluftsliv, universell utforming og andre former for klimatilpassing.»*

*Kravet til konsekvensutgreiing knyter seg formelt til det planframlegget som vert sendt ut på høyring, men alle innkomne forslag vil verta vurdert og det vert grunngeve dersom dei ved utsiling ikkje vert ein del av planframlegget som vert sendt på høyring.*

*I tillegg til at det einskilde utbyggingsområde skal vurderast kvar for seg, er det eit krav at den samla verknaden av planframlegget skal vurderast, slik at einskildområde vert sett i samanheng.*

Ved konsekvensvurderinga vil det i all hovudsak verta nytta eksisterande kunnskap og oppdatering av denne. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg data, må det vurderast å hente inn ny kunnskap dersom grunnlaget er for dårleg til å gjere vedtak.

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Eksisterande kunnskap finst i mange kartløyisingar og databasar som er tilgjengeleg digitalt, slik som Naturbase, Artsdatabanken, Sefrak-registeret, Askeladden m.v. Samfunnsdelen skal gje retningsliner for sektorane si verksemd, men lova angir ikkje nærare kva slags retningsliner som skal gjevast.



Konsekvensutgreiing av dei einskilde arealinnspele ligg ved som ein eigen rapport (vedlegg nr.1)



## 9. Samla verknader av planen

### 9.1 Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse


Den overordna konsekvensutgreiinga og ROS-analysen for det samla planframlegget ligg ved som ein eigen rapport (vedlegg nr.2)


### 9.2 FN sine bærekraftsmål

	<p>Utrydde svolt, oppnå mat-tryggleik og betre ernæring, og fremje bærekraftig landbruk.</p>
	<p><i>Korleis bygger arealdelen til kommuneplanen med føresegnene opp under bærekraftsmålet</i></p>
	<p>Det det i størst mogeleg grad vert lagt vekt på at nye utbyggingsområde ikkje legg beslag på dyrka jord eller viktige beiteområder</p> <p>Krav om matjordplan ved omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord.</p> <p>Særleg viktige områder for landbruket er avsett som omsynssone Kjerneområde landbruk. .</p> <p>Det vert lagt til rette for busetting i heile kommunen gjennom å opne for bygging av inntil 10 bustader i LNFR-områda i planperioden</p> <p>Det er i planen sett av område for akvakultur som legg til rette for viktig matproduksjon</p>
	<p>Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder</p>

	<i>Korleis bygger arealdelen til kommuneplanen med føresegnene opp under bærekraftmålet</i>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Store deler av strandsona er lagt ut til LNF-område med byggeforbod</li> <li>• Det er avsett område for ålmenta (nærmiljøanlegg)</li> <li>• Det er sett av areal til friområde ved Boknabergvatnet</li> <li>• Det er vist tur/gangveg frå Føresvik til dagsturhytte i Kongshamn</li> </ul>
	Sikre bærekraftig vannforvaltning, tilgong til vatn og gode sanitærforhold for alle
	<i>Korleis bygger arealdelen til kommuneplanen med føresegnene opp under bærekraftmålet</i>
	<p>Det er sett av omsynssone for nedslagsfeltet til Hagavatn for å sikre dette vatnet som ei framtidig reservevasskjelde</p> <p>Forbod mot tiltak i 50-metersbeltet langs viktige vatn</p> <p>Forbod mot lukking av opne bekker og vassdrag</p> <p>Krav til blågrøn faktor i alle nye utbyggingsprosjekt</p>
	Bygge solid infrastruktur og fremje inkluderande og bærekraftig industrialisering og innovasjon
	<i>Korleis bygger arealdelen til kommuneplanen med føresegnene opp under bærekraftmålet</i>
	<i>Det er sett krav om at planlegging og bygging av infrastruktur skal ta omsyn til framtidige klimaendringar</i>

	<p>Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og bærekraftige</p>
	<p><i>Korleis bygger arealdelen til kommuneplanen med føresegnene opp under bærekraftmålet</i></p>
	<p>Det er lagt til grunn at Føresvik skal vidareutviklast som kommunesentrum etter prinsippet «innanfrå og utover»</p> <p>Det skal utarbeidast ein stadanalyse for Føresvik som grunnlag for framtidig detaljplanlegging</p> <p>Det vert sett av nye område for bustadbygging nær Føresvik sentrum</p> <p>Det vert ikkje sett av nye utbyggingsområde på areal som har særleg stort verde som grøntområde eller for friluftsliv.</p> <p>Strandsona og kantsone langs vatn og vassdrag har eit særleg vern.</p> <p>Områder med spesiell verdi for friluftsliv vert avsett som omsynssone friluftsliv (530).</p> <p>Arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel har vore ein open prosess med vekt på medverknad frå alle interessegrupper.</p> <p>Ved høyring av plan skal det gis tilbakemelding på alle innspel. Av plandokumentata går det fram korleis dei ulike interesser er vektlagt i vurderinga.</p> <p>Freda kulturminne, bevaringsverdige kulturmiljø og område med stor verdi for naturmangfald er sikra gjennom omsynssoner og føresegner/retningslinjer.</p> <p>Kulturminneplan for Bokn sikrar vern av viktige kulturminne</p> <p>Føresegner som sikrar at alle har trygg skuleveg.</p>
	<p>Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei</p> <p>(Basert på ei erkjenning av at FN sin rammekonvensjon om klimaendring er det viktigaste internasjonale og mellomstatlege forumet for forhandlingar om globale tiltak mot klimaendringar.)</p>
	<p><i>Korleis bygger arealdelen til kommuneplanen med føresegnene opp under bærekraftmålet</i></p>
	<p>Det er sett krav som sikrar at karbonrike naturtypar vert teke vare på.</p>

	<p>Det er sett krav om at framtidige klimaendringar skal takast omsyn til i all planlegging og bygging</p> <p>Det er lagt til grunn at dersom Rogfast/Statens vegvesen fremjar forslag til endring av gjeldande reguleringsplanar knytt til eksisterande E39 på Bokn, må det leggjast fram ei løysing som legg vekt på trafikksikkerheit samt reduksjon av trafikkstøy på både dei eksisterande og dei nye byggeområda langs den nåverande traseen, slik dei gjeldande planane legg opp til.</p> <p>I tillegg må det leggjast til rette for kollektivterminal i nærleiken av krysset mellom Føresvikvegen og E39, og denne saman med oppgradering av Føresvikvegen med regulert fortau fram til E39 må vera etablert før Rogfast vert sett i drift.</p> <p>Det er sett forbod mot lukking av bekker, og at opning av bekker som er lagt i røyr, skal vurderast ved byggetiltak</p> <p>Det vert ikkje sett av nye utbyggingsområde i område som er utsett for fare knytt til havnivåstigning, stormflo, flaum, skred, ras eller andre naturfarar.</p> <p>Krav til at naturbaserte løysingar for handtering av overvatn skal vurderast og prioriterast.</p> <p>Krav om at terreng- og overflateutforming, grønstruktur og handtering av overvatn skal samordnast i reguleringsplanar, samt at det skal utarbeidast planar for vatn-, avlaups- og overvatn.</p> <p>Føresegner som sikrar at klimamål og klimaplanar skal leggjast til grunn ved all planlegging.</p> <p>Krav til blågrøn faktor vil bidra til at naturbaserte løysingar for handtering av overvatn blir vald.</p>
	<p>Bevare og bruke havet og dei marine ressursane på ein måte som fremjer bærekraftig utvikling</p>
	<p><i>Korleis bygger arealdelen til kommuneplanen med føresegnene opp under bærekraftmålet</i></p>
	<p>Det er lagt føringar med omsyn til handsaming av søknader som medfører tiltak i sjøområda</p> <p>Funksjonell strandsone er registrert og vist i plankartet</p> <p>Gjennom planlegging av kyst- og havområda skal de ulike interessene i sjø sikrast.</p>

	Område for akvakultur er sett av på overordna nivå.
	Verne, gjenopprette og fremje bærekraftig bruk av økosystem, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald
	<i>Korleis bygger arealdelen til kommuneplanen med føresegnene opp under bærekraftmålet</i>
	Det er lagt inn omsynssoner bevaring naturmiljø for område med spesiell verdi for naturmangfald Krav som sikrar at terreng- overflateutforming, grønstruktur, vegetasjon og handtering av overvatn vert sett i samanheng. Krav til blågrøn faktor ved alle utbyggingsprosjekt.  Forbod mot tiltak i 50-metersbeltet langs viktige vatn Forbod mot lukking av opne bekker og vassdrag Krav til blågrøn faktor i alle nye utbyggingsprosjekt

### 9.3 Arealrekneskap

#### Arealregnskap

Arealregnskapet viser endringane i arealbruk frå tidlegare kommuneplan til framlegg av ny kommuneplan.

I område med gjeldande reguleringsplanar (område med omsynssone H910) er hovudarealføremål synt som ein illustrasjon. Alle arealføremål, uavhengig av om dei er omfatta av reguleringsplan eller ikkje, er teke med i arealregnskapet. I dei tilfella der arealendringa er grunna ny reguleringsplan sidan 2019 er det skildra i tabellen under. Endringa av arealet er såleis ikkje nødvendigvis reelt.

Dei største areala i kommunen er satt av til sjøområde og utmark. Samla er kommunen sitt areal ca. 189 000 dekar stort, og sjøområda omfattar ca. 75% av det samla arealet. På land er det LNF-føremål som dominerer. Samla areal på land er ca. 50 275 daa, og areal satt av til LNF utgjer opp mot 80% av landarealet ([ca. 40 500daa](#)). Dei resterande areala omfattar utbyggingsføremål, samt vatn synt som drikkevatt eller friluftsområde. Dei største endringane i planen er knytt til bustadføremål med Føresvik og næringsføremål ved Knarholmen og Trosnavåg. [I tillegg til at 122 bygde tomter for bustad/hytter er avsett til LNF-spreidd føremål.](#)

Type arealføremål	Arealformål (sosi-kode)	KPA 2019 (DAA)	KPA 2023 (DAA)	Endring 2019-2023	Kommentar endring 2019-2023
<b>Boligbebyggelse</b>	1110	764	<b>831</b>	<b>67</b>	Endringa er knytt til godkjente regulerings-

Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036




					planar, samt nye arealføremål til bustad.
<b>Fritidsbebyggelse</b>	1120	2000	2000	0	Ingen endring
<b>Forretninger</b>	1150	1,3	0	-1,3	Teknisk retting. Retting til faktisk bruk (brannstasjon)
<b>Offentlig eller privat tjenesteyting</b>	1160	114	115	1	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Fritids- og turistformål</b>	1170	32,4	5,5	-26,9	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Råstoffutvinning</b>	1200	47	47	0	Ingen endring
<b>Næringsbebyggelse</b>	1300	470,5	632	161,5	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar, samt nye arealføremål til næringsføremål.
<b>Idrettsanlegg</b>	1400	48	44	-4	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Andre typer bebyggelse og anlegg</b>	1500	165	151	-14	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Kombinert bebyggelse- og anleggsformål</b>	1800	17,5	43	25,5	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar, samt endring frå næring til næring/naust.
<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	2001	947	955	8	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Veg</b>	2010	2,6	2,6	0	Ingen endring
<b>Havn</b>	2040	610	610	0	Ingen endring
<b>Parkering</b>	2080	0	11	11	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Teknisk infrastruktur</b>	2100	487	487	0	Ingen endring
<b>Blå/grønnstruktur</b>	3002	0	23	23	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Naturområde</b>	3020	48	129,5	81,5	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Turdrag</b>	3030	72	52	-20	Endringa er knytt til godkjente regulerings-

					planar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Friområde</b>	3040	187	221	34	Nytt arealføremål
<b>LNFR</b>	5100	43 001	<u>40 490</u>	<u>-2511</u>	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål til LNF.
<b><u>Spredt bustad/fritid/næring</u></b>	<u>5200</u>	<u>0</u>	<u>238</u>	<u>238</u>	<u>Det er lagt til mange nye areal. Alle areala er knytt til bygde tomter.</u>
<b>Spredt bustad-bebyggelse</b>	5210	107	100,5	-6,5	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål
<b>Spredt fritids-bebyggelse</b>	5220	3	3	0	Ingen endring
<b>Spredt nærings-bebyggelse</b>	5230	5	13	8	Nye arealføremål
<b>Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone</b>	6001	72 159	71 848	-311	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar, samt justering knytt til nye arealføremål
<b>Ferdsel</b>	6100	0	34	34	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Farleder</b>	6200	160	139	-21	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Havneområde i sjø</b>	6220	0	11	11	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Småbåthavn</b>	6230	83	125	42	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar, samt nytt arealføremål.
<b>Fiske</b>	6300	1 145	1 145	0	Ingen endring
<b>Akvakultur</b>	6400	3 417	3 396	<u>64-21</u>	<u>Mindre utviding av eitt akvakulturføremål.</u>
<b>Drikkevann</b>	6500	956	956	0	Ingen endring
<b>Friluftsområde</b>	6700	1 580	1 720	140	Endringa er knytt til godkjente reguleringsplanar. Ikkje lagt inn nye føremål.
<b>Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone</b>	6800	66 494	66 550	<u>56</u>	<u>Nytt føremål til kombinert føremål akvakultur/ ferdsel. Elles er føremåla vidareført frå 2019.</u>


formaterte: Norsk (nynorsk)

## Arealrekneskap dyrka mark avsett til utbygging

Det er gjennomført GIS analyse for å sjå kor mykje utbyggingsareal er omfatta av dyrka mark. Analysen baserer seg på kommuneplankartet sine arealføremål og FKB Ar5 data for fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Datasett for dyrka mark er frå 2023, og utbyggingsareala er basert på kommuneplankartet 2024-2036. Det er ei større feilkjelde at reguleringsplanane er synt med generelle arealføremål og ikkje så detaljert som i reguleringsplankartet. Difor er oversikten synt i figuren under differensiert med føremål med og utan reguleringsplan. I tillegg er det ei feilkjelde at GIS-analysen inkluderer all overlappende areal, som t.d. små areal og flikar med overlapp. Dette vil verta ein del av den samla summen av arealkonflikt med dyrka mark.



Figur til høgre viser døme på arealkonflikt pga. at reguleringsplanar er synt med generelle føremål i kommuneplankartet. I figuren er arealføremåla i reguleringsplanane synt og viser at ikkje all areal synt som *omdisponert i reguleringsplan* er reelt. Det er ikkje gått vidare med analysane då ikkje alle reguleringsplanane i kommunen er digitaliserte.



Revidering av kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2036

Føremål som er i konflikt med dyrka mark, men som ikkje er detaljregulert er synt i tabellen under. Ein del av arealføremåla skal detaljregulerast og i tillegg regulerer føresegnene utbygging i LNF-spreidd områda slik at det er i vidare byggesak/planlegging mogleg å ta omsyn til registrert dyrka mark.

Arealkonflikt alle arealføremål utan reguleringsplan, synt i dekar (daa)	Bustad	Fritid	Tenesteyting	Fritid og turisme	Næring	Idrettsanlegg	Anna type bygg	Kombinert føremål	Hamn	Parkering	Turdrag	Friområde	LNFS generell	LNFS bustad	LNFS fritid	LNFS næring	Småbåthamn	SUM
<b>Fulldyrka jord</b>	15	9	10	1	6	0,4	0,4	0	8	0	0	4	0,5	2	0	0	0	<b>56,3</b>
<b>Overflatedyrka jord</b>	2	5	0	0	0	0	2	0	0,7	0	0	0	0	3	0	0	0	<b>12,7</b>
<b>Innmarksbeite</b>	57	30	5	0	0	2	9	0	39	0,2	0	14	0,6	39	1,4	8	8	<b>213,2</b>

Det er relativt få areal som er teke inn i ny kommuneplan og som er i konflikt med dyrka mark. Arealføremåla og id i plankartet er synt i tabellen under.

Arealkonflikt nye arealføremål, synt i dekar (daa)	Bustad (B15, B16)	Næring (NÆ11)	Friområde (FR13)	LNFS generell*	LNFS næring (LSN5)	SUM
<b>Fulldyrka jord</b>	2	6,4	4	0,5	0	<b>12,9</b>
<b>Overflatedyrka jord</b>	0,1	0	0	0,06	0	<b>0,16</b>
<b>Innmarksbeite</b>	0	0	12,7	0,6	7,6	<b>20,9</b>

\* LS1-7,10-14,16-18, 20, 22-26, 28-33, 36, 39, 44, 54, 56-57, 59-63, 66-70, 72, 75, 77-79, 82, 84, 87-88, 90, 92, 95-98, 106-108, 110, 112, 114-115, 117-118, 121



Foto: Tom – Inge Aksdal